ÅRSMELDING
OG
ÅRSREKNESKAP

2021

SELJORD IDRETTSLAG

Årsmøte i Seljord IL
28. februar 2022

Seljord Idrettslag
Postboks 86
3835 Seljord

Til
medlemane i
Seljord Idrettslag

Innkalling til årsmøte
i Seljord Idrettslag

Måndag 28. februar 2022 kl 19:00
på Granvin

Sakliste

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenne innkallinga, saklista og forretningsorden og viser til vår lovnorm
3. Val av ordstyrar, skrivar og 2 medlemar til å skrive under protokollen
4. Handsame årsmelding for Seljord IL for 2021 (vedlegg)
5. Handsame årsrekneskapen for 2021 til Seljord Idrettslag (vedlegg) med melding frå revisor (vedlegg) og kontrollkomite (vedlegg)
6. Innkomne saker til klubbhandboka for Seljord IL (vedlegg):
   a) Handsame organisasjonsplan (sjå klubbhandbok)
   b) Fastsette medlemskontingent og treningsavgifter (sjå klubbhandbok)
   c) Andre endringar i klubbhandboka (merka med raud skrift)
7. Innkomne saker – investeringar (sjå vedlegg)
   a) Søknad om tilskot - Varmestoge-heishus Raudkleiv
   b) Søknad om tilskot - HC-adkomst veg-parkering
   c) Søknad om tilskot - Utvide til 10 skiver -rulleskiarena
   d) Søknad om tilskot - Rulleskiløype
8. Vedta budsjett for 2022 for Seljord IL (vedlegg)
9. Gjere følgjande val:
   a) Leiar, nestleiar kasserar, skrivar og eit varamedlem til hovudstyret i Seljord IL
   b) Leiar og to medlemar til styret for allidrett
   c) Representant og vararepresentant til styret i Granvin Kulturhus AS
   d) 2 representantar + vararepresentant til Seljord Idrettsråd
   e) 1 representant + vararepresentant til styret i veglaget til Raudkleiv
   f) Engasjert revisor
   g) 2 medlemar + varamedlem til kontrollkomite
   h) Valkomité med leiar, 2 medlemer og varamedlem

10. Utmerking og avslutning

Vel møtt!

Seljord 7.2.2022
Styret i Seljord IL

Årsmelding 2021
Seljord Idrettslag

Styresamansetning

Leiar: Tellef Solås
Nestleiar: Hans Inge Hagen
Kasserar: Johannes Rindal
Skrivar: Veronica Sølyst
Varamedlem: Kai Slåkvik

Året 2021 og korona

Koronapandemien som slo til for fullt i mars 2020 fortsette for fullt også i 2021 med avlyste arrangement for idretten. Det opna opp på hausten 2021, før det igjen vart innført store restriksjonar på slutten av året. Dyrskun vart igjen avlyst og etter at vi fekk 80% kompensert i 2020 vart kompensasjonen redusert til 50% i 2021 som førte til ei stram økonomistyring. Til tross for pandemi har aktivitetsnivået i dei fleste undergruppene vore svært bra og viser til vedlagte årsmeldingar.

Styremøter

Det er halde 8 styremøte totalt i 2021 og handsama 46 saker. Hovudstyret har hatt eitt møte. Vi har også hatt juleavslutning med styra i undergruppene med handlingsplan som tema.

Spesielle oppgåver i hovudstyret

Hovudstyret har hatt følgjande satsingsområdet i handlingsplanen for 2020 som ber sterkt preg av Koronaen.

- **Legge til rette for å få barneidretten til å bli eit heilårstilbod**
  Her har det vore god deltaking innafor skikarusell og friidrett som blir utvikla vidare i 2022.

- **Sluttføre renovering av treningsbanen**
  Treningsbanen er nå fullrenovert og klar til bruk i 2022. Prosjektet er gjennomført innafor budsjettramme på 3,3 mill.kr. Finansieringa er som følger:

	Finansiering Treningsbane Eventyrøy	Rekneskap 2021
1	Spillemiddel	1 000 000
2	Tilskot Sparebankstifitinga DNB	300 000
3	Tilskot Sparebankstifitinga Seljord	535 000
4	Egenkapital avsett i 2020	500 000
5	Ref. mva	592 554
6	Egenkapital i 2022	116 923
7	Dugnad	85 600
	Total finansiering	**3 130 076**

  Treningsbanen er fullrenovert med ny 11er bane med flomlys og ballfangernett, 7er bane og ny inngjerding rundt anlegget.

- **Saker mot Seljord kommune**
  - **Fjerne tre på Eventyrøy** er ei sak tilbake til 2016. Administrasjonen gav oss lov til å fjerne trea nå i haust, men vart like etterpå stansa politisk.

- **Etterfyll av kork** på kunstgrasbanen har også vore ei fast sak mot kommunen sidan 2016 då vi vart pålagt å bruke kork og som har påført SIL ein årleg etterfyllingskostnad på rundt kr. 150.000 som vi også i 2021 søkte kommunen om å få dekt og fekk kr. 50.000.

- **Avtale om bruk av Raudkleiv** som vi inngjekk med kommunen i 2016 vart sletta politisk i budsjettrunden for 2020. Vi sendte igjen brev til kommunen nå i haust om å få gjenoppretta denne avtala frå 2022 utan resultat.

- **Sponsorane til Seljord IL** er Sparebanken Din Seljord, Dyrskun Arrangement, Byggmakker Seljord Elektriske, Funnemark Seljord, Intersport Seljord, Meny Seljord, Seljord Rekneskaps-service, Aspit, Alliance Optikk, Alf Johansen, Bo-senteret, Dyrud Elektro, Circle K Seljord, Sweco, Holta & Håland, Skorve Entreprenør, Aasmundsen Bakeri og Seljord Varmeservice. Seljord IL takkar så mykje for bidraga vi har fått frå sponsorane våre i 2021.

  Ein spesiell og stor takk til Sparebankstiftinga Seljord som bidreg med store summar til Seljord IL kvart år og i år fekk vi heile kr 350.000 i den ordinære tildelinga i vår og kr.150.000 nå i haust.

Medlemstal i SIL

Talet på registrerte medlemar har gått opp frå 471 i 2020 til 528 i 2021, som er ein auke på 57 eller 12%. Ser vi også på innbetalte medlemskontingentar har denne gått opp med kr.35.000 frå 2020 til 2021 og utgjer kr.107.000 i 2021.

Registrerte medlemar i 2021 samanlikna med 2020 fordelt på aldersgrupper:

Medlemar i Seljord IL	År	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	**2021**	6	70	90	10	90	**266**
	2020	0	58	95	5	91	**249**
Menn	**2021**	5	64	65	18	110	**262**
	2020	1	52	50	11	108	**222**
Totalt	**2021**	**11**	**134**	**155**	**28**	**200**	**528**
	2020	**1**	**110**	**145**	**16**	**199**	**471**

Aktivitetar i SIL

Vi har i år ein auke i den totale deltaking i aktivitetane våre på 27% frå 422 i 2020 til 537 i 2021 og skuldast for ein stor del endring i koronarestriksjonane og viser til tabellen under som viser aktivitetsnivået i undergruppene.

Registrerte aktive medlemar i undergruppene i 2021 samanlikna med 2020:

Aktive	Fotball	Handball	Langrenn	Allpint	Skiskyting	Riding	Friidrett	Allidrett	Totalt
2021	198	83	54	26	14	60	34	68	**537**
2020	197	78	72		8	41	20		**422**

Her viser hovudstyret til vedlagt årsmelding frå undergruppene og har følgjande oppsummering:

- **Fotballgruppa** har hatt ein god sesong og til tross for restriksjonar klarte A-laget opprykk til 5. divisjon nå i haust. Fotballgruppa vart også kåra til årets fair play klubb i Telemark i 2021, noko som vi alle er svært stolte av og vi gratulerer fotballgruppa for svært godt arbeid.

- **Handballgruppa** har hatt bra aktivitet med mange spelarar på mange lag til tross for pandemien. Gruppa har fått hjelp av Region Sør til rekruttering av styre, sjå framover og vere i forkant med gode rutiner.

- **Skigruppa** har trena bra til tross for mange avlyste skirenn. Skitrekket vart mykje bruka i vinter med fine forhold. Alpingruppa er nyleg etablert og har hatt god rekruttering.

- **Ridegruppa** har også opplevd mange avlyste arrangement i 2021 men kan likevel vise til gode resultat blant rytterane sine i 2021. Sjå eiga årsmelding.

- **Friidrettsgruppa** har vore med i mange stemne med dei aktive utøvarane i 2021, men stemna har vore pregar av korona og smittevernstiltak. Likevel har det blitt utført fantastiske plasseringar og resultat. Seljord IL – friidrett markerer seg nasjonalt og viser til vedlagt årsmelding.

- **Allidrett** har hatt ein god sesong med totalt 68 born med på aktivitetar som skikarusell, friidrett, barneidrett på Granvin, klatring og dans.

Økonomi

At vi i det heiletatt klarte å kome i mål med eit nullresultat i år skuldast ekstraordinært tilskot frå Sparebanken DIN/Sparebankstiftinga Seljord, utsett vedlikehald av kunstgrasbanen og vegen til Raudkleiv og godt bidrag frå undergruppene.

Vi har også i år fått eige skriv (nummerert brev nr.2) frå revisor som påpekar følgande manglar i høve til årets gjennomgang av rekneskapen:

Beskrivelse av forhold

Kontantinntekter i undergruppe.

Klubbhandboka til Seljord IL har klare retningslinjer for korleis kontantinntekter skal handsamast. Under *«Økonomirutiner for Seljord IL»* står det mellom anna at *«Alle inn og utbetalingar skal gå gjennom klubben sin konto, det er ikkje lov å sette pengar som høyrer til klubben sine medlemmer inn på personlege konti»* Ved sal av julekalendrar i handballgruppa er inntektene samla på ein privat konto før det er overført til SIL sin driftskonto.

Risiko, moglege konsekvensar og ansvarsforhold

Det er styret som er ansvarleg for at rutinene i klubbhandboka blir gjort kjent for alle som er involvert.

Forslag til forbetring.

Vi foreslår at gjennomgang av økonomiinstruks blir tatt inn som obligatorisk sak i fyrste styremøte etter årsmøte, og at dei viktigaste punkta blir omtala i møtereferatet.

Styret i Seljord IL vil arbeide vidare med tiltak for å rette opp merknadane over.

Årsrekneskap med balanse og noter for Seljord IL vert vedtatt i eiga sak på årsmøtet. Nedanfor har vi presentert rekneskapen for 2021 samanlikna med rekneskap for 2020 og budsjett for 2021 fordelt på hovudstyret, anlegg og undergruppene.

Seljord Idrettslag – totalrekneskap

SELJORD IDRETTSLAG	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	2 568 064	2 392 540	4 832 000
Utgifter	2 432 452	2 396 268	4 832 000
Resultat	135 612	-3 727	-

Som vi ser i tabellen over har Seljord Idrettslag eit underskot på kr.3727 i 2021 mot eit overskot på kr.135 tusen i 2020.

Seljord Idrettslag – hovudstyret inkl. Dyrskun

HOVUDSTYRET	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	2 070 706	1 676 866	3 777 000
Utgifter	619 097	733 315	2 436 000
Resultat	1 451 609	943 552	1 341 000

Hovudstyret inkl. koronatilskot Dyrskun har eit overskot på 943 tusen mot 1,45 mill i 2020. Resultatet som er 400 tusen under budsjettet og skuldast redusert koronatilskot med 500 tusen samanlikna med 2020.

Seljord Idrettslag – Eventyrøy og Raudkleiv

ANLEGG	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	183 707	94 090	84 000
Utgifter	1 338 160	958 778	1 149 000
Resultat	-1 154 453	-864 688	-1 065 000

For å dekke opp underskotet over har vi utsett etterfylling av kork og vedlikehald av vegen til Raudkleiv og spart inn 200 tusen i høve til budsjett.

Seljord Idrettslag – undergruppene samla

UNDERGRUPPENE	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	313 651	621 584	971 000
Utgifter	475 195	704 175	1 247 000
Resultat	-161 544	-82 591	-276 000

God økonomistyring i undergruppene har også ført til 200 tusen i innsparing i høve til budsjett.

Driftsrekneskap fordelt på dei ulike undergruppene

Fotballgruppa

FOTBALLGRUPPA	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	100 757	209 179	557 000
Utgifter	216 051	300 405	743 000
Resultat	-115 294	-91 226	-186 000
Res. i % av utg.	-53 %	-30 %	-25 %

Handballgruppa

HÅNDBALLGRUPPA	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	65 780	76 365	126 000
Utgifter	82 801	97 348	168 000
Resultat	-17 021	-20 983	-42 000
Res. i % av utg.	-21 %	-22 %	-25 %

Skigruppa

SKIGRUPPA	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	53 102	160 888	145 000
Utgifter	73 066	114 594	145 000
Resultat	-19 964	46 294	-
Res. i % av utg.	-27 %	40 %	0 %

Ridgruppa

RIDEGRUPPA	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	58 854	98 895	98 000
Utgifter	66 477	102 785	131 000
Resultat	-7 623	-3 890	-33 000
Res. i % av utg.	-11 %	-4 %	-25 %

Friidrettsgruppa

FRIIDRETTSGRUPPA	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	35 158	76 257	45 000
Utgifter	36 800	89 043	60 000
Resultat	-1 642	-12 786	-15 000
Res. i % av utg.	-4 %	-14 %	-25 %

Allidrett

ALLIDRETT	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Inntekter	11 994	30 500	16 000
Utgifter	-	31 101	20 000
Resultat	11 994	-601	-4 000
Res. i % av utg.		-2 %	-20 %

Styret viser elles årsrekneskapen og til vedlagte årsmeldingar frå undergruppene.

Seljord 7. februar 2022
Styret i Seljord IL

Tellef Solås	*Hans Inge Hagen*	*Johannes Rindal*	*Veronica Sølyst*
Leiar	*Nestleiar*	*Kasserar*	*Skrivar*

Årsmelding for fotballgruppa 2021

Styret har i 2021 bestått av

Leder	Arve Myrvang
A-lags representant	Øyvind Oland
Dommeransvarlig	Svein Martin Wetteland
Fairplayansvarlig/klubbadmin	Mona Skogheim
Materialforvalter	Mona Eliassen
Jenteansvarlig/treneransvarlig	Heidi Skaret Myrvang

Styret har hatt 5 møter i tillegg til et evalueringsmøte etter sesongen, sammen med trenere og ledere.

Fotballgruppa har hatt lag i følgende klasser i 2021
Senior:
A-lag Herrer 11èr var påmeldt. Det blei bare halv sesong (høstsesong) pga korona.

Ungdom:
G19 1 lag i samarbeid med Skarphedin.
G16 1 lag . 9er påmeldt i 11er serie.
J17 Hadde ett 9er lag
J15 Hadde ett 9er lag i vårsesongen. Det blei litt frafall i løpet av sommeren som gjorde at J15 og J17 hadde ett lag sammen i J17 serien i høst.

Barn:
G12 1 7èr lag
G11 2 7er lag
J12 1 7er lag
J10 2 7er lag
J8 1 5er lag
G8 1 5er lag

G og J 6 hadde 1 trening i veka. Var ikkje med i serie men spelte 1 kamp mot Flatdal i høst.

Barn og ungdom fikk ein tilnærma normal serie i år. For ungdom blei det heller ikkje i år mulig å reise til Norway cup eller andre større turneringer da alt er avlyst pga pandemien.

Det blei ein oppgang i antall lag og spelerar denne sesongen sammenligna med fjoråret.
Det er uansett ein utfordring med antall spelerar på mange av laga da det er få og ta av. Det skal veldig lite til før det blir problemer med å stille lag.
Med færre barn som vokser opp i kommunen i kombinasjon med et stadig økende aktivitetstilbud i alle sjangere så blir det stadig meir utfordrende å stille lag i alle klasser.

I høst så kunne endelig Disney playmakers prosjektet starte opp. Seljord var ein av få heldige utvalgte klubber som fikk ta del i dette pilotprosjektet. Det er et samarbeid mellom Uefa og Disney der målet er å rekruttere flere jenter til fotballen. Det er et mål å auke andelen jenter som spiller fotball og få fleire kvinnelige trenere.
Seljord er halvveis i pilotprosjektet. Siste halvdel blir gjennomført til våren 2022.

A-lag
Det blei bare halv sesong i år, men for ein sesong. Laget endte på 2.plass og sikra med det kvalik kamp om opprykk til 5.div
Kampen skulle gå på nøytral bane og da stilte Odds ballklubb Skagerak arena til disposisjon.
Klyve blei motstander og lagene møttes til kamp for å avgjøre hvem som skulle få plassen i 5.div i 2022. Seljord stilte med stor buss for å få med flest mulig supportere. Bussen blei full så det var suksess.
Seljord vinner kampen overbevisende 7-1 og er med det klare for 5.divisjon

Norway cup, og fotballskulen
Avlyst i år.

Sparebanken din cup kunne i år gjennomføres.
Det blei få lag med totalt sett, men det var lag i klassene J15, G14 og G16.
Det blei litt problemer med å få lag pga konfirmasjoner som blei flytta fra vår til høst.
Dette kan vise seg å bli et problem kommende år også så cupen må muligens flyttes til våren.

Vest Telemark Fotball (VTF)
Samarbeidet mellom klubbane i Vest Telemark fortsetter men pga pandemien har det ikkje vært noe ekstra aktivitet dette året.

Kvalitetsklubb
Det jobbes med resertifisering og målet er å bli ferdige og godkjent i løpet av januar/februar 2022

Økonomi
Det blei naturlig nok ein del endring i både inntekter og utgifter i år også da aktiviteten har vært noe redusert. Utgifter har vært som forventa med unntak av at det blei halv sesong for A-lag og ingn stor turneringsutgifter som Norway cup.
Inntektene har blitt redusert pga tap i dugnader. Komp. Ordning dekker i år bare 50%

Kurs
Det har blitt gjennomført trenerkurs i løpet av året så trenerkompetansen er nå bra i Seljord.Alle trenere har nå minst ett delkurs i trenerutdanninga. Heidi Skaret Myrvang holder kursene i klubben.

Det har også i år krevd mer enn normalt å gjennomføre treninger og kamper.
Holde avstander, vaske utstyr og kontaktflater, føre navnelister . Siste halvår blei restriksjoner oppheva slik at det blei tilnærma normalt.

Fotballgruppa blei kåra til årets fair play klubb i Telemark 2021, dette er noe vi er veldig stolte av.
Det viser at klubben har gjort mye riktig inne fair play arbeidet.
Med prisen følger en plakett og kr.10.000 fra Norges fotballforbund.

Fokusområder/handlingsplan 2022

1. Styrke trenerrollene ved å ha regelmessige trenerforum der trenere møtes for å utveksle erfaringer/hjelpe hverandre, komme med ideer, sørge for at alle jobber med den røde tråden mot samme mål. Tilby hverande praksishjelp på feltet m.m. Fortsette med trenerkursing.

2. Trygg på trening ! (holde kurs for alle i klubben)

3. Ferdigstille kvalitetsklubb vers, 2 i løpet av vinter 2022

4. Rammer rundt fotballen
   Bli flinkere til å markedsføre/annonsere aktiviteter . Få på plass ein skjerm/oversikt på Eventyrøy som viser treningstider og kamper.
   Rekruttere/engasjere flere voksne til å bidra i fotballgruppa. Det er mange oppgaver flere kan ta del i for å ta litt mere eierskap til fotballen i Seljord.

5. Rekruttering og samarbeid med naboklubber
   Tendensen er at det blir født færre barn hvert år og det blir svært vanskelig om ikkje umulig å klare å stille lag i framtida uten et samarbeid på enkelte årstrinn.

6. Montere hjertestarter og arrangere kurs i bruk v/ Røde kors

Arve Myrvang
Fotballgruppa

Årsmelding for Handballgruppa 2021

Styret våren 2021:

Leiar:	Solfrid Bjørge
Nestleiar:	Hege Øverland
Styremedlem:	Lisbeth Steinmoen Odden

Desse rollene har styret fordela seg i mellom, og prøva å gjere det beste ut av situasjonen:

- Skrivar: Litt Solfrid Bjørge og litt Lisbeth Steinmoen Odden
- Kasserar: Solfrid Bjørge i samarbeid med Tellef Solås
- Dugnads- og kioskansvarleg: Hege Øverland
- Dommaransvarleg – der har me fått hjelp av Hanne Norgaard
- Sportsleg ansvarleg: alle tre i styret
- Kontaktperson inn mot styret: Unni Øygarden

Vi har hatt 18 ulike møter der styret har vore representert, i tillegg til dei månadlege styremøta med hovudlaget til SIL.

Handballgruppa hadde også i 2021 som mål at laga skulle ha eit høgt aktivitetsnivå, der fokuset ligg på både det sportslege og det sosiale. Me skulle ha vore på ulike cupar, til dømes i Bø, Skien og i Fredrikstad, men pga korona blei alt dette avlyst.

I vår starta arbeidet med å opprette eit damelag. Det var Anthine Moen som skulle vere trenar for dette laget. Det var fleire som meldte si interesse, og det blei meldt på lag i serie. Då hausten kom og treningane byrja, var det dessverre stor variasjon på kor mange som møtte opp. Laget blei trekt frå serien, og treningane slutta etter kvart på grunn av at svært få møtte opp.

Fordi handballgruppa har hatt nokon utfordingar den siste tida, kontakta handballstyret Hovudlaget, og bad dei om hjelp. Region Sør blei kontakta, og me har i dette året vore i ein konstruktiv snuoperasjon. Eit av måla var å få på plass eit nytt styre og 19.10.21 gjennomførte me det fyrste styremøtet. Det nye styret skal arbeide med å få handballgruppa til å fungere optimalt når det gjeld samarbeid og tilrettelegging. Me ynskjer å sjå framover, og vere i forkant, slik at det blir forutsigbart og gjer det lettare å planlegge neste sesong allereie mot slutten av inneverande sesong. Dette vil me opparbeide gode rutinar for. Dette arbeidet hell fram i 2022.

Nytt styre ser nå slik ut:

Styret hausten 2021:

Leiar:	Solfrid Bjørge
Dommaransvarleg:	Mogens Iversen
Dugnadsansvarleg:	Hege Øverland
Skrivar:	Lisbeth Steinmoen Odden
Styremedlem:	Johannes Rindal

Dugnadar

Sidan alt av festivalar vart avlyst også denne sommaren, er det berre arbeidet med å lage og selje kalendrar som er dugnaden dette året. Mogens sponsa oss med kransekaker, slik at alle dei 24 dagane på kalenderen hadde ei kransekake som hovudgevinst. Me fekk inn over 40 000 kroner på denne innsatsen. Desse pengane ynskjer me å bruke på nye cupar og arrangement så fort samfunnet tillet det.

LAG – hausten 2021

Me har hatt mange spelarar som er fordela på fleire lag.

J/G 7 er 9 spelarar
J 9 er 21 spelarar
G 9 er 9 spelarar
J 11 er 18 spelarar
G 13 er 9 spelarar
J 15 er 20 spelarar

Skrive av Lisbeth Steinmoen Odden og Solfrid Bjørge

Årsmelding for skigruppa SIL 2020/2021

Styret:
Gunnhild Tveiten Golid – leder
Anette Groven-Robertsen
Kjetil Simonsen
Dag Vidar Noraberg

Skigruppa har gjennom sesongen 2020/2021 hatt desse aktivitetane: Sesongen 20/21 var fortsatt prega av Covid19 pandemien.

Langrenn:
Me har i utgangspunktet hatt skitrening kvar tysdag med inntil 20 utøvarar i alderen 8 til 16 år. Dei over 7. klasse har også hatt skitrening på torsdagar. Dette er noko mindre enn året før, og skyldast i stor grad Covid19. Treningane i vinterhalvåret er gjennomført i Raudkleiv, mens rulleskitrening og barmarkstrening har i hovedsak foregått på Dyrskuplassen og i sentrumsområdet. Frå høsten 2021 har me fått inn ny trener, som også er trener i skiskyting.

Vi har hatt ein liten gjeng utøverar som har reist rundt på nokre skirenn i og utanfor kretsen, og nokre av dei har hevda seg bra i si aldersklasse. Men pga restriksjonar har det vore svært begrensa med muligheter denne sesongen.

Skikarusell:
Parallelt med skitreninga har vi hatt 6 karusellrenn med ca. 35 betalande deltakarar i alder opp til 16 år. Hovudvekta er frå 3 til 9 år med relativt lik fordeling mellom gutar og jenter. Frå 4. klasse ser vi at det er ein tendens til at mange fell ifrå. Det er svært positivt at foreldra også er med på ski denne kvelden, slik at skikarusellen blir ein sosial samankomst både i løypa og rundt klubbhuset. Etter målgang delast det ut varm saft til store og små ved bålpanna. Vi håpar samanslåinga av skikarusell og Allidrett kan auke deltakelsen.

Rulleski-/barmarkstrening:
Me har hatt rulleskitrening på Dyrskuplassen gjennom sommaren. Etter høstferien starta barmarkstrening felles for alle innan langrenn, skiskyting og alpin. På rulleski har vi i tillegg til egne trenere hatt besøk av profesjonelle trenere som Audun Svartdal og Eivind Arne Bjaaland.

Skiskyting:
Sesongen 2020/2021 har me vore ei gruppe på 12 skiskyttarar som trena 2 dagar i veka fram til sesong slutt.

Då alle lokale og nasjonale konkurransar stor sett blei avlyst, oppfordra kretsen til at me burde arrangere lokale renn kun for klubbens medlemmer. Dette ville da gå inn i ein krets cup. Me arrangerte heile 7 slike renn i Raudkleiv, med kjempe god oppslutning der nesten alle utøvarane stilte på kvart renn. I tillegg blei det arrangert 2 kretsrenn på tampen av sesongen med bra deltakelse.

I september blei det arrangert Landsdelsmesterskap på Notodden Energi Arena. Her deltok også ein bra gjeng frå SIL, og me reiste heim med Gull, Sølv og Bronse. Flott innsats av alle. Høsten 2021 starta me opp med 2 treningar i veka. Me har fått 2 nye skiskyttere i haust og gruppa teller nå 14 utøvere. Flott gjeng!

Alpin:
Historiens fyrste alpinrenn i Seljord og Raudkleiv blei avhold i vinter. Heile 20 løpere stilte til start og gjennomførte imponerande. Dette var svært vellykka og populært, og det blei derfor arrangert nok eit klubbrenn i mars. Denne gong parallellslalåm.

Alpingjengen har hatt trening kvar torsdag i Raudkleiv, men ca 30 løpere kvar kveld. Nokon utøvarar har også trena og konkurrert sammen med klubbar i nærområdet. Vi ser med glede at interessa for alpin aukar fortsatt aukar.

Vest-Telemark Karusellen:
Me måtte dessverre avlyse årets Vest-Telemark karusellrenn i Seljord i år pga restriksjonar knytta til Covid19.

Skitrekket:
Skitrekket hadde en lang og god sesong. Åpnet første helgen i januar og var åpent frem til påske. Håpet i det lengste var å klare å holde åpent i påsken, men dessverre kom mildværet og snøen forsvant. Derimot holdt vi åpent to dager ekstra i vinterferien. På gode dager hadde vi rundt 50 besøkende og et anslått snitt på ca. 25 besøkende pr.dag i helgene.

Prepping av bakken fungerte bra, ATV fungerte bra bortsett fra litt problemer med musespiste ledninger. Alt i alt en lang og snørik sesong til glede for mange i en ellers kanskje litt kjedelig covid tilværelse.

Raudkleiv området:
Det har vore ein bra og lang sesong i Raudkleiv denne vinteren. Det vart pakka løyper med snøscooter, ATV og tråkkemaskin frå desember 2020 til kring påske 2021.
Langrennsløypene var åpent heile vinteren. Alpinbakken åpna fyrste helga i januar og skikarusellen starta 25. januar. Det har vore stor aktivitet i heile området gjennom heile vinteren. Det er køyrd løyper ca. 5 dagar i veka gjennom heile sesongen. I snitt brukar ein ca. 3-4 timar pr. gong. Ca 20 t/veke er utført på dugnad. Behovet varierer etter mengde sno som kjem. Nokre veker er det tråkka løyper 7 dagar i veka, inntil 2 gonger pr. dag.

Vi ser at anlegget i Raudkleiv blir bruka av mange, og vi er glad for at dette er eit anlegg som kan brukast både sommar og vinter.

Dugnad:
Det har vore ein flott vinter med fine skiforhold. Vi takkar løypemannskapet, trenarar og alle løparar med foreldre for flott innsats i 2020/2021-sesongen.

Styret i skigruppa

Årsmelding for Seljord Ridegruppe 2021

Styret i ridegruppa har i år vert som følger:

Leder:	Gunn Helga Vindfjell
Nestleder	Sigrid K Berge
Kasserer	Gunn Helga Vindfjell
Skrivar	Irene Kåsa
Styremedlem	Sandra Delmark Ryen
Styremedlem	Nina Nilsen
Vara Styremedlem	Jeanette Stenhaug
Representant for Seljord Hestesenter	Stig Høgetveit
Valgkomitee	Kristin Brekke Moore og Halvor U Kåsa

Følgende tema vil bli opplyst i denne årsmld:

- Aktivitet i egen klubb
- Resultater
- Økonomi
- Rekrutering/medlemmer
- Planer framover

Seljord Ridegruppe vil videre bli omtalt som SRG i denne årsmld.

Aktivitet i egen klubb

2021 har også vert eit år uten dei heilt store aktivitetene. Det meste har blitt avlyst som ein følge av Korona pandemien.
Vi har ikkje arrangert stevne, hverken vår eller haust. Men vi har fått arrangert «Stevnetrening» Det vart arrangert inne pga store vannmengder på utebanen. Men det vart eitt flott treningsseanse som vi vil ha meir av i 2022. Spesielt om Corona gjer at stevnesesongen vert redusert.

Klubbmestere 2021

Då me ikkje arrangerte stevne i 2021 har vi heller ikkje fått kåra nye klubbmestere.

Dugnad

Årets dugnad har vore ein stor suksess. Me har solgt FibGreen kluter for 90 000kr Det var stor oppslutning om dugnaden og styret er imponert over all innsatsen som vart lagt ned.
Total inntjening på dugnaden vart 45 000,-

Sportsresultater.

Det har vore arrangert fleire stevne i 2021 som klubbens rytterar har starta med mange fine runder og flotte plasseringer.
SRG stilte og i finalehelga i Norgesserien sprang i Drammen med 3 lag. Eitt av laga kom til sjølve finalen 😊

Sesongen oppsumert:

36 plasseringer/sløyfer
152 starter
3 grener
Lone og Sherdil er den ekvipasjen som har startet klasser med høyest vanskelighetsgrad
Christine har flest starter av alle med 27 starter
Isabell har flest sløyfer med 8 stk
Årets nykommer Eivind med 5 null runder av 9 mulige

Sjå vedlegg for fleire resultater

Økonomi:

Det blei satt opp et budsjett i 2020 på 128 000 inntekt og 171 000 i utgifter
Me har tjent meir og brukt mindre. Dette framgår av regneskaet. Det er sendt søknad til idrettslaget om å få overføre 82 000 til neste år

Rekrutering/medlemmer

SRG har per dagens dato 6o medlemmer
4 av disse er nye i 2021
Av våre medlemmer har 29 innløst en aktiv rytterlisens

Planer framover:

I 2022 skal SRG arrangere to stevne i sprang og dressur. På våren vil me arrangere eit UK stevne med dressur på laurdag 30.april og sprang på sondag 1.mai. (Datoene er avhengige av terminlista)
På hausten ynskjer me å arrangere eitt Distrikstevne i sprang og eventuelt eitt UK dressurstevne. På dette haust stevne vil det og bli lagt i Klubbmesterskap. Forslag til helg er 24-25.september
Til dette treng me utstyr som me per i dag manglar, men prøvar å sette av midler i budsjettet til dette.

Me håpar på eit litt bedre år 2022 og satsar på både mesterskap og større arrangement som festivalar og dyrsku…..

SRG takkar SIL for et godt samarbeid i 2021 og gledar kån til vidare samarbeid.

For Styret

Leder
Gunn Helga Vindfjell

Årsmelding for Friidrettsgruppa 2021

Leiar:	Hans Inge Hagen	(på valg)
Nest leiar:	Inge Nilsen	(på valg)
Styremedlem:	Simon J. Svendsen	(1 år)
Styremedlem:	Pia Robertsen-Groven	(1 år)

Kort oppsumering
Seljord IL Friidrett 2021 er eit flott år for utøverane. Oppladinga til sesongen begynte tidleg og banen vart brøyta og ordna for det meste heile vinteren. Med treningar 2-3 gonger i veka var formen inn ganske tidleg. Noko me vil lære av og omdisponere til neste år. Innandørssesongen var øydelagt av Korona, så dette fekk me ikkje noko av i 2021. Seljord IL avholdt sitt fyrste friidrettstevne tidleg 3 mars. Då hadde me utøverar frå Snøgg, Skarphedin, Høydalsmo med i tillegg til eigene (Sjå resulatlistene). Herman fekk trene litt i Herkules med Rune Wiborg, mens jentene trente på Eventyrøy. Ingrid Stigen Byggland trente med oss heile vinter- og vårsesongen.

Me var med på nokon veldig bra stevner på Lillehammer, Bislett og UM i Trondheim. Herman var nok den som gjorde det aller best, mens jentene gjorde det også godt. Mykje læring ut av dette. (Sjå resulatlistene og eigene ark frå Inge Nilsen og Bent Sveinsson)

Banemessig, så har me streva med tartandekket som vart reklamert på. Dekket vart ikkje reparert i år, men dekket vart flaka av på dei borterste 200 metrane. Dei blir lagt til våren 22.

Vest-Telemark karusellen
Avlyst i 2021

Sjøormstevnet – 3. mars
Avhholdt

Utstyr og klede
Friidretten i Seljord IL har fått tilskudd på konkurransedrakter fra Sparbankstiftelsen DNB på ca 10.000,- Det er kjøpt inn nye håndsydde, drakter for gutter og jenter (10 stk.) for denne summen. Uten reklame, men med Seljord I.L. friidrett på ryggen. Dette vil promotere klubben godt i tida som kjem.

Friidretten for barn
Friidrett for barn er ein del av Allidrett for barn. Me har hatt treningar mange onsdag frå kl 18-19 på friidrettsbanen. Det har deltatt mellom 10-30 stk. Denne treninga er basert på leik og moro, der ungane får prøve seg på lengde, 60m og kule.
Ansvarlege for treninga: Hans Inge Hagen og Pia Groven-Robertsen m.fl. inkl. foreldre

Friidrett for ungdom
Friidrett for ungsom har hatt 5 utøverar som har konkurrert på høgare nivå, mens det har vært med omlag 3-4 utøvarar på individuelle treningar og nokon stevne.

Individuelle utøvarar

Julie Noraberg Nilsen
deltok i fleire stevner.
Her tek eg med bare plassering i meisterskap:

Junior NM i Ravnanger 30.7 og 1.8.21:
Gull i diskos med 39,46 m (U-23)
Sølv i kule med 11,45 m (U-23)
NM Hovudmeisterskapen i Kristiansand 12.9.21
Blei nr. 6 i diskos med 40,08 m. (Kvinner senior)

Herman Hogstad Sveinsson
Herman har deltatt i 17 konkurransar/stevne sesongen 2021. Han trena godt gjennom heile sesongen, men pandemien sette begrensningar med tanke på trening med Rune Wiborg i Skien. Dette gjekk først og fremst ut over dei tunge vinterøktene han skulle hatt med Rune, noko som han kjende mangla samanlikna med sesongen 2020. Uansett har det vore ein god sesong for han, med god utvikling spesielt teknisk. Han er ambisiøs, og satsar for fullt sesongen 2022 for å prøve å ta nye steg.
Hans beste prestasjonar kom under UM i Trondheim der han tok gull i finalen på 100 m, bronse på 200 m finale og bronse i lengdefinalen. Det er stort å koma heim med tre medaljer frå UM! Sesongen avslutta han med tre gullmedaljer under Tyrvingleikane der han tok gull i finalen på 100 m, gull i finalen på 200 m og gull i lengdekonkurransen.

Resultat frå større nasjonale konkurransar:

Lokale stevner i Seljord, Rjukan, Notodden og Porsgrunn:
1. plass i samtlege løp på 100 m og 200 m.

Boysen Memorial, Bislett:
1. plass på 200m, 5. plass på 100m (seniorstevne)

Midtsommerstevne Lillehammer:
1. plass i finale 100 m, 2. plass på 200 m

Julistevne, Bislett:
3. plass på 100 m, 3. plass på 200 m (seniorstevne)

Nittedalslekene:
1. plass finale 100 m, 1. plass på 200 m
UM i Trondheim:
1. plass på 100 m, 3. plass på 200 m og 3. plass i lengde

Tyrvingleikane:
1. plass i finale på 100 m, 1. plass på 200 m og 1. plass i lengde

I sesongen 2022 vil konkurransebildet endre seg veldig for Herman, sidan han skal stille i felles klasse (klasse G18/19) med årskullet over. I det kullet er det mange løperar som har klart betre tider enn Herman, men det ser me på som ei utfordring der han kanskje for fyrste gong i si tid som friidrettsutøvar må finne seg i å stille som ein outsider. Kan hende det passar han bra å vera utfordrar, han har eit sterkt konkurranseinstinkt og går alltid for å henge med i toppen.

Emma Hagen

60 meter – 8.21	(3 pl. Norge)
100 meter – 12.81	(9 pl. Norge)
150 meter – 20.05	(2 pl. Norge)
200 meter – 26.75	(11 pl. Norge)
Lengde – 4.86 meter	(13 pl. Norge)

Deltok på Midtsommer stevne, Tyrving, Julisteven/Bislett, UM Trondheim.
28 løp

Leah Maria Presthholt Lorne
60 meter – 8.55
100 meter – 13.21
200 meter – 27,36

Deltok på Midtsommer stevne, Tyrving, UM Trondheim. M.fl
18 løp

Martine Hogstad Sveinsson
60 meter – 8.77
100 meter – 13.94
200 meter – 28.94

Deltok på Lillehammer, Groruddalsleikene m.fl.
14 løp

Kristian Eilevstjønn Berntzen
800 meter – 2.08,26
1500 meter – 4.34,17
2000 meter – 6.13,64
3000 meter – 10.18,69

Deltok på. Groruddalsleikene, UM Trondheim m.fl.
7 løp

Håkon Yri Aaberg (f. 2005)
deltok i fleire stevner.
Her tek eg bare med plassering i meisterskap.
UM i Trondheim 4.9.21 - Bronse på 100 meter hekk (91,4 cm) med tida 13,88 sek. (G-16)

Brage Kleiva Romtveit (f. 2006)
deltok i 2 stevner. Her tar eg bare med plassering i mesterskap.
KM Greveskogen i Tønsberg 21.8.21:
Sølv i spyd (600g) med 29,10 m (G-15)
Bronse i diskos (1 kg) med 27,23 m. (G-15)

Eivind Simensen (f. 2008)
deltok i 2 stevner. Her tar eg bare med plassering i mesterskap.
KM Greveskogen i Tønsberg 21.8.21:
Gull i spyd (400g) med 25,75 m. (G-13)

Målsetning for 2022

- skape interesse for friidrett mot potensielt nye utøverar og deira foreldre
- opprettholde deltakelsen i friidrettsmiljøet i Telemark
- avholde 2-3 stevenet på Eventyrøy i løpet av sesongen.
- skaffe sponsorar
- friidrett for born. Nye foreldretrenerar. Dele erfaringar for friidrett for ungdom.
- delta på kurs og seminar.

Årsmelding for Allidrett 2021

Leiar:	Hans Inge Hagen	(på valg)
Nest leiar:	Terje. Øverland	(på valg)

Kort oppsumering
Allidretten for barn er eit årleg aktivitetsprogram for barn mellom 6-12 år. Programmet er støtta av NIF med oppstartsmidlar på 16.000,- VI har også fått støtte fra Sparebankstiftinga på 26.000,- og Seljord kommune på 10.000,- Desse midlane brukar me også til å betale aktivitetsleiarar utover eigene rekker, samt kursing.
Oppmøtet vil variere fra aktivitet til aktivitet. Mange vil gå på ski om vinteren og tallet er derfor høgt under Skikarusellen. Totalt har me omlag 70-80 born som er med i løpet av året.

Utstyr
Allidretten for barn har og skal investere i utstyr. I år har me handla inn klatreutstyr for ca 10.000,-

Skikarusellen
Allidretten tok over ansavaret for Skikarusellen i 2020 frå Skigruppa. Opplegget blir kjørt i Raudkleiv saman med Skigruppa. Me rakk ca 5 renn i 2020.

Friidrett
Om sommaren er det friidrett for born, som samlar borna i Allidretten. Her er det hopp, løp og kast som gjeld. Me har hatt ca 6-7 treningar og i snitt har det vært rundt 10-12 born.

Barneidrett
Barneidretten er aktivitet me har inne på Granvin eller ute om det passar seg. Aktiviteten er på mellom 6-12 born.

Barneidrett aktivitetar
Me har arrangert klatring for born. 12 stk med påmelding. Full kvar gong. Klatrefeltet er under Bringsåsnuten og Simon J. Svendsen er ansvarleg sammen med Pia Robertsen-Groven. Me har hatt dans på Eventyrøy og på Granvin med Ragnhild R. Skrede. Full hus og veldig populært.

Følgande satsning på Allidrett 2022:
- bygge opp born- og ungdomsgruppa (50+20 stk.)
- omorganisere styre
- skaffe trenerar frå eigene rekker (10 kl. + vgs mm)
- leige inn eksterne trenerar til spes. aktivitetar (dans++)
- søke midlar frå NIF og andre
- invistere i utstyr. Bordtennis, klatreutstyr, hoppematter etc.
- delta på kurs og seminar
- lage Allidrett til ein grunnstein for alle særidrettsr i SIL.
- Allidrettne for born og ungdom leggast under hhovudlaget

Seljord Idrettslag

Resultatrekneskap

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2021	2020
	1		
Driftsinntekter			
Salsinntekter			
Tilskot	2	1 535 668	1 983 943
Andre inntekter	3	856 872	584 121
Sum driftsinntekter		**2 392 540**	**2 568 064**
Driftskostnader			
Varekostnad		71 503	- 62 216
Løns- og personalkostnader	4	161 732	114 390
Avskrivingar	6	279 275	295 239
Andre driftskostnader	5	1 843 808	2 015 957
Sum driftskostnader		**2 356 318**	**2 363 369**
Driftsresultat		**36 223**	**204 695**
Finanspostar			
Finansinntekter		1 005	511
Finanskostnader		40 954	69 594
Sum finanspostar		**- 39 949**	**- 69 083**
ÅRSRESULTAT		**- 3 727**	**135 612**
Disponering av årets resultat			
Overført til annan eigenkapital		496 273	35 611
Avsett til renovering treningsbane			100 000
Bruk av eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar		- 500 000	
Sum disponering		**- 3 727**	**135 611**

Seljord Idrettslag

Balanse

EIGENDELAR	NOTE	2021	2020
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Anlegg og utstyr	6	2 687 231	2 743 790
Sum varige driftsmidlar		**2 687 231**	**2 743 790**
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og andelar		-	-
Sum finansielle anleggsmidlar		**-**	**-**
Sum anleggsmidlar		**2 687 231**	**2 743 790**
Omlaupsmidlar			
Varer			
Varelager		-	-
Sum varelager		**-**	**-**
Fordringar			
Kundefordringar	7	46 484	4 260
Andre kortsiktige fordringar		-	-
Sum fordringar		**46 484**	**4 260**
Bankinnskot, kontantar o.l.	8	853 779	904 058
Sum omlaupsmidlar		**900 262**	**908 318**
SUM EIGENDELAR		**3 587 493**	**3 652 108**

Seljord Idrettslag

Balanse

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTE		2021		2020
Eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar					
Avsett til renovering av treningsbane			-	-	500 000
Sum eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar			**-**	**-**	**500 000**
Annan eigenkapital					
Eigenkapital	9	-	809 891	-	309 891
Årets resultat etter sjølvpålagte restriksjonar			3 727		-
Sum annan eigenkapital		**-**	**806 165**	**-**	**309 891**
Sum eigenkapital		**-**	**806 165**	**-**	**809 891**
Annan langsiktig gjeld					
Lån	10	-	1 358 550	-	1 637 825
Sum langsiktig gjeld		**-**	**1 358 550**	**-**	**1 637 825**
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	12	-	103 905	-	801 619
Skatt og offentlege avgifter		-	83 181		16 685
Annan kortsiktig gjeld	11	-	1 235 692	-	419 458
Sum kortsiktig gjeld		**-**	**1 422 778**	**-**	**1 204 392**
Sum gjeld		**-**	**2 781 328**	**-**	**2 842 217**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**-**	**3 587 493**	**-**	**3 652 108**

Seljord 7.2.2022

Styret i Seljord IL

Tellef Solås	Hans Inge Hagen	Johannes Rindal	Veronica Sølyst
Leiar	Nestleiar	Kasserar	Skrivar

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og God regnskapsskikk for ideelle organisasjonar.

Rekneskapen er ført etter oppteningsprinsippet. Dette inneber at inntekter er registrert i den periode dei er inntent og utgifter er registrert i den periode dei er påløpt.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld:
Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar.

Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til historisk kost med frådrag for avskrivingar som er rekna ut på grunnlag av kostpris med frådrag for tilskot til investeringa, økonomisk levetid eller evt. brukstid. Dersom verkeleg verdi av anleggsmidlar er lågare enn balanseført verdi og verdifallet forventast ikkje å vera forbigåande, er det føretatt nedskriving til verkeleg verdi.

Omlaupsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og framtidig salsverdi fråtrukket salskostnader. Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Fordringar
Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.
Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Inntektsføringsprinsipp

Driftsinntekter og offentlege tilskot inntektsførast når dei er opptent. Sponsorinntekter inntektsførast over avtaleperioden.

Periodiseringsreglar

Utgifter kostnadsførast i same periode som tilhøyrande inntekt.

For prosjekter som har øyremerka midlar der aktiviteten ikkje er fullført ved periodens utløp, foretas det inntektsavsetningar.

Seljord Idrettslag

Noter til rekneskapen

Note 2 **Tilskot**

Rekneskapsposten består av:	2021	2020
Norsk Tipping - grasrotandel	47 401	65 493
Lokale aktivitetsmidlar	170 279	129 071
Sparebankstiftinga Seljord	350 000	
Kompensasjon avlyste andre arrangement	51 779	62 805
Kompensasjon avlyst Dyrskun	623 358	1 137 465
Momskompensasjon	170 681	348 158
Tilskot Seljord kommune	117 000	131 000
Andre tilskot	105 042	109 951
Bruk av tidlegare avsett tilskot	155 034	
Avsett tilskot i 2021	-254 906	
Sum	**1 535 668**	**1 983 943**

Note 3 **Andre inntekter**

Rekneskapsposten består av:	2021	2020
Medlemskontingentar	107 157	72 168
Treningsavgifter	81 300	49 016
Eigenandelar	36 199	16 860
Dugnadsinntekter	70 850	0
Inntekter frå eigne arrangement og tilstelningar	97 076	57 870
Sponsor og samarbeidsavtaler	390 200	314 500
Leigeinntekter	74 090	73 707
Andre inntekter	0	0
Sum	**856 872**	**584 121**

Note 4 **Løns- og personalkostnader**

Lønskostnader	2021	2020
Løn- og honorar	132 300	92 155
Dommarhonorar	29 432	22 235
Sum	**161 732**	**114 390**

Det er ikkje utbetalt lønn eller honorar til styret i 2021.

Note 5 **Andre driftskostnader**

Rekneskapsposten består av:	2021	2020
Drift og vedlikehald av bygg og anlegg	424 422	580 027
Drift og vedlikehald av maskiner og utstyr	208 864	377 094
Leige av hus og anlegg	373 906	328 363
Administrasjonskostnader	65 103	61 679
Utgifter til stemne, cupar, treningsleir etc.	24 414	8 642
Kontigenter, påmeldinger, treningssleir mm	110 296	107 559
Driftsmateriell, utstyr og drakter	357 694	279 540
Bilgodtgjering og reisekostnader	68 871	73 953
Tilskot utøverar, gåver, premiar	50 328	40 427
Forsikring og gebyr	143 429	141 501
Sponsor og reklakostnader	923	3 536
Andre driftskostnader	15 558	13 636
Sum	**1 843 808**	**2 015 957**

Seljord Idrettslag

Noter til rekneskapen

Note 6 **Varige driftsmidlar**

Balanseposten består av:	Eventyrøy	Raudkleiv	Tråkkemaskin	Sum
Anskaffingskost 01.01	2 925 759		792 750	3 718 509
Tilgang	1 432 715			1 432 715
Årets nedskriving med tilskot	1 210 000			1 210 000
Avgang til anskaffelseskost	-	-	-	-
Anskaffingskost 31.12	3 148 475		792 750	3 941 225
Akkumulerte avskrivingar	619 794		634 200	1 253 994
Bokført verdi pr 31.12	2 528 681		158 550	2 687 231
Årets avskriving	**215 964**		**79 275**	**295 239**
Økonomisk levetid	10år		10 år	
Årets nedskriving med tilskot kjem frå:				
Spelemidlar	1 000 000			
Mva.komp.	-			
Sparebankstiftinga Seljord	210 000			
	1 210 000			

Note 7 **Andre kortsiktige fordringar**

Balanseposten består av:	2021	2020
Forskotsbetala kostnader		
Kundefordringar	25 000	4 260
Utestående KlubbAdmin	21 484	
Sum	**46 484**	**4 260**

Note 8 **Bundne bankinnskot**

Av lagets samla bankinnskot på kr 902 058 utgjer bundne skattetrekksmidl kr 0.

Note 9 **Eigenkapital**

	Bunden Eigenkapital	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr 01.01	500 000	309 891	809 891
Tidlegare års avsetning med restriksjonar			-
årets avsetning med sjølvpålagte restriksjonar			-
Bruk av tidlegare avsetning	- 500 000	500 000	-
Årets resultat etter sjølvpålagte restriksjonar	-	3 727	- 3 727
Eigenkapital pr. 31.12	-	806 165	806 165

Seljord Idrettslag

Noter til rekneskapen

Note 10 **Lån**

Bokført gjeld:	2021	2020
Lån Spb. Din - Tråkkemaskin	158 550	237 825
Lån Spb. Din - Eventyrøy Idrettsanlegg	1 200 000	1 400 000
Sum	**1 358 550**	**1 637 825**

Note 11 **Annan kortsiktig gjeld**

Rekneskapsposten består av:	2021	2020
Avsetning Eventyrøy	350 000	-
Avsetning Raudkleiv	73 000	-
Avsetning Skigruppa	64 906	78 034
Avsetning Ridegruppa	60 850	20 000
Avsetning Friidrettsgruppa	22 000	37 000
Avsetning Fotballgruppa	19 000	20 000
Avsetning Handballgruppa	47 443	47 443
Avsetning Allidrett	26 000	-
Byggelån Sparebanken DIN - treningsbane	556 171	216 981
Påløpte kostnader	16 322	
Sum	**1 235 692**	**419 458**

Note 12 **Leverandørgjeld**

Av totalt leverandørgjeld på kr.103.905 er skyldig faktura til brøyting den største faktura

Note 13 **Talet på medlemar**

Ved utgangen av året var talet på medlemar totalt 529.

Til årsmøtet i Seljord Idrettslag

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert foreningen Seljord Idrettslag sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 3 727. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsregnskapet eit rettvisande bilete av foreningen si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av foreningen slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret(leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til foreningen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til

https://revisorforeningen.no/om-revisjon/revisjonsberetning-revisors-oppgaver-og-plikter/

Seljord, 11. februar 2022

Revisorteam Vest Telemark AS

Inger Noraberg

Inger Noraberg
Statsautorisert revisor

Til årsmøtet i Seljord Idrettslag

Melding frå Kontrollkomiteen

Kontrollkomiteens oppgåver og arbeid:

Kontrollkomiteens oppgåver etter NIFs lov § 2-12 er å føre tilsyn med Seljord Idrettslags økonomi.

Kontrollkomiteen skal sjå til at Seljord Idrettslags midlar er anvendt i høve til lover, vedtak, bevilgningar og økonomiske rammer, samt at dei økonomiske disposisjonar er i samsvar med organisasjonsleddets lov og vedtak fatta av årsmøtet. Kontrollkomiteen skal videre forsikre seg om at organisasjonsleddets interne økonomiske kontroll er hensiktsmessig og forsvarleg.

Kontrollkomiteen skal sjå til at rekneskapsføring er påliteleg og at årsrekneskap og delårsrapportar gjev eit korrekt uttrykk for Seljord Idrettslags drift og finansielle stilling. Kontrollkomiteen skal ved gjennomgang av rekneskapen vurdere Seljord Idrettslags finansielle stilling, forvaltning og drift.

Kontrollkomiteens merknader til rekneskapen.

Vi har gjennomgått styrets protokoller, samt andre dokumenter komiteen har funnet det nødvendig å gjennomgå. Kontrollkomiteen har fått alle opplysningar som vi har bedt om frå Seljord Idrettslags administrasjon og frå Seljord Idrettslags engasjerte revisor. Styrets årsmelding for 2021 og det styrehandsama årsrekneskapen for 2021 er gjennomgått. Vi har fått oss framlagt melding frå revisor for 2021.

Det materialet vi har fått oss framlagt gir ikkje grunnlag for til merknader utover det som gjeng fram av denne meldinga frå kontrollkomiteen.

Kontrollkomiteen har ingen merknader til det framlagt årsrekneskap for 2021.

Kontrollkomiteen tilrår at styrets årsmelding og Seljord Idrettslags årsrekneskap for 2021 godkjennast av årsmøtet.

Kontrollkomiteens vurdering av Seljord Idrettslags finansielle stilling, forvaltning og drift.

Seljord Idrettslags finansielle stilling, forvaltning og drift er etter vår vurdering tilfredsstillande.

Seljord 14.2.2022

Olav Moen

Lena Ellingsen

KLUBBHANDBOK
FOR
SELJORD IDRETTSLAG
2022

Vedtatt på årsmøtet i Seljord IL
28. februar 2022

Innhald

Innhald ***1***
Innleiing ***3***
Grunnlagsopplysningar for idrettslaget ***3***
Formål og målsetting ***3***
Verdigrunnlaget ***3***
Organisasjonsplan ***4***
Handlingsplan og årshjul 2022 ..... ***5***
Årsmøtet ***9***
Styrets funksjon og samansetning ***9***
Undergruppene ***11***
Medlemar ***11***
Forsikring ***12***
Anlegg ***12***
Dyrsku-dugnaden ***12***
Informasjon ***14***
Økonomirutiner for Seljord IL ***14***
Rekneskap *14*
Medlemskontingent *14*
Treningsavgift - deltakaravgift *14*
Startkontingent i individuell idrett og i lagidrett *15*
Eigenandelar *15*
Kiosksal, lotteri, billettsal m.m. *15*
Instruks ved kiosksal, bilettsal, lotteri m.m. *16*
Løn og honorar *17*
Køyreliste/reiserekning *17*
Dekking av utgifter til individuelle utøvarar *17*
Klubbdrakter og profilering ***18***
Reklame- og sponsoravtaler *18*
Reglar for Seljord IL ***18***
Retningsliner for foreldre/føresette *18*
Retningsliner for utøvarar *18*
Retningsliner for trenerar *19*
Mobbing *19*
Seksuell trakassering *19*
Alkohol *20*
Reglar for reiser *20*
Politiattest *21*
Fair Play *21*

Dugnad *22*
Retningsliner for nettsider og sosiale mediar *23*
Skikk og bruk for e-post *24*
Trafikksikker klubb - Retningsliner for gjennomføring av transport *25*
Utmerking og æresmedlemskap ***26***
Statuttar for tildeling av Seljord Idrettslag sitt krus: *26*
Krusvinnarar i Seljord IL *26*
Statuttar for æresmedlemskap i Seljord Idrettslag *28*
Æresmedlemar i Seljord IL *28*

Innleiing

Klubbhandboka er meint som et styrande dokument for Seljord Idrettslag med overordna retningsliner som lagets styrande organ skal arbeide etter. Hovudstyrets posisjon som lagets øvste organ for alle aktivitetar i laget har ein sett på som spesielt viktig å framheve og underbygge.
Klubbhandboka er utarbeida innanfor rammene av lagets lover.

Hovudstyret eller andre organ innan laget som hovudstyret gjev fullmakt, kan vedta nærmare instruksar/retningsliner innanfor ramma av det som er trekt opp i klubbhandboka.
Hovudstyret bør sjå til at klubbhandboka blir underlagt regelmessig revisjon og har eit overordna ansvar for å sjå til at klubbhandboka blir gjort tilfredsstillande kjent blant lagets styrande organ og medlemmar i Seljord IL.

Grunnlagsopplysningar for idrettslaget

- Namn: Seljord Idrettslag
- Stifta: 28. mars 1902
- Idrett: Fleiridrettslag
- Postadresse: Postboks 86, 3835 Seljord
- E-postadresse: post@seljordidrettslag.no
- Fakturaadresse: faktura@seljordidrettslag.no
- Bankkonto:2711.05.01272
- Banksamband: Sparebanken Din Seljord
- Internettadresse: www.seljordidrettslag.no
- Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 987 336 994
- Tatt opp som medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite/NIF
- Registrert tilknytning til Vestfold og Telemark idrettskrets
- Registrert tilknytning til Seljord idrettsråd
- Årsmøtemånad: Februar

Formål og målsetting

- Seljord IL skal vere ein open og demokratisk organisasjon der formålet er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).
- Arbeidet skal bere preg av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.
- Idrettslaget er sjølveigd og frittståande med utelukkande personlege medlemmar.
- Idrettslaget har som målsetting å aktivisere flest mogleg barn, ungdom og vaksne i Seljord gjennom å tilby idrettslege aktivitetar.
- Overordna målsetting er å skape eit sunt og godt miljø for barn, ungdom og vaksne i Seljord.

Verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget fortel om levereglane i Seljord IL

Felles verdiar når dei er godt forankra og synleggjort skapar:

- fellesskap og harmoni
- lojalitet og forplikting
- meining og motivasjon

Felles verdiar dannar utgangspunkt for felles:

- levereglar i styret
- levereglar for trenarteam
- spelereglar i laga
- foreldrevettreglar

Organisasjonsplan

Handlingsplan og årshjul 2022

Handlingsplan 2022 - Seljord IL

SIL Hovudstyret		Tiltak	Ansvar	Frist	Utført
1	Administrative rutiner i Seljord IL	Klarlegge ansvarsdeling, hovudstyret - undergrupper	TS/JR	1.3	
2	Info fra SIL	Informere ut om kva Seljord i driv med til medlemmar og innbyggarar. Nyhetsbrev, App.	HIH/JR	1.3.	
3	KlubbAdmin	Opplæring og betre oppfølging i undergruppene	JR/HIH	1.3.	
4	Rekruttering	Legge ein plan for rekruttering der føresatte til årskulla bidreg i aktivitetane til Seljord IL	HIH/TS	1.6.	
5	Allidrett for barn	Legge til rette for å få barneidretten til å bli eit heilårstilbod	HIH/TS	1.6.	
6	Allidrett for ungdom	Legge til rette for å få barneidretten til å bli eit heilårstilbod	HIH/TS	1.6.	
7	Politiattest	Registrere politiattest i KlubbAdmin for alle ledere/trenere	TS/JR	1.6.	
8	Kioskansvarlege Dyrskun	Få med vaksne/foreldre/føresette til å ta ansvarsvakter under Dyrskun	TS/HIH	1.9.	
9	Førebygging av mobbing og trakassering i idretten.	Obligatorisk kurs om mobbing, trakassering og andre viktige haldingsrelaterte tiltak. For trenerar, oppmenn, utøvarar og foreldre. Lokale og ekstern føredragshaldar.	HIH	Vår 22	
10	Ernæringskurs	Obligatorisk kurs om ernæring. Vekt, mat og næringsinntak for barn og ungdom. For trenerer, oppmenn, utøvarar og foreldre. Ekstern føredragshaldar.	HIH	Vår 22	
Fotballgruppa		**Tiltak**	**Ansvar**	**Frist**	**Utført**
1	Trenerrolla	Styrke trenerrollene ved å ha regelmessige trenerforum der trenere møtes for å utveksle erfaringer/hjelpe hverandre, komme med ideer, sørge for at alle jobber med den røde tråden mot samme mål. Tilby hverande praksishjelp på feltet m.m. Fortsette med trenerkursing.	AM		
2	Trygg på trening	Holde kurs for alle i klubben	AM		
3	Kvalitetsklubb	Ferdigstille kvalitetsklubb vers, 2 i løpet av vinter 2022	AM	1.4.	
4	Rammer rundt fotballen	Bli flinkere til å markedsføre/annonsere aktiviteter. Få på plass ein skjerm/oversikt på Eventyrøy som viser treningstider og kamper. Rekruttere/engasjere flere voksne til å bidra i fotballgruppa. Det er mange oppgaver flere kan ta del i for å ta litt mere eierskap til fotballen i Seljord.	AM		
5	Rekruttering og samarbeid med naboklubber	Tendensen er at det blir født færre barn hvert år og det blir svært vanskelig om ikkje umulig å klare å stille lag i framtida uten et samarbeid på enkelte årstrinn.	AM		
6	Hjertestarter	Montere hjertestarter og arrangere kurs i bruk v/ Røde kors	AM		

Handballgruppa		Tiltak	Ansvar	Frist	Utført
1	Trenerar:	Sikre at me har trenarar til alle potensielle lag før sesongen byrjar.	Styret		
2	Rekruttere og behalde:	Viktig å behalde spelarane nå som treningar og kampar for fleire av laga ligg nede.	Styret og trenarane		
3	Dommarar:	Viktig med dommarkontakt og sikre dommarkvote	Styret		
4	Sportsleg leiar:	Me har ikkje det, og det er viktig å få på plass.	Styret		
5	Aktivitet:	Reise på Cupar og andre arrangement som kan sikre aktivitet, trivsel og handballglede og arbeide med god lagånd og fair play	Styret, trenarar, foreldre		
Skigruppa					
1	Rekrutering	Få fleire ungar aktive på ski	Styret	2022	
2	Rulleskianlegg	Rulleskianlegg i Raudkleiv og heilårsveg opp til klubbhuset.	Gunnhild	2023	
3	Varmehus skitrekk	Starte forarbeid ang. nytt heishus m.varmerom	Dag Vidar/	2023	
4	Foreldre	Engasjere fleire foreldre	Styret	2023	
5	Rekruttering	Fleire aktive barn på skitrening og skikarusell	Styret	2022	
Ridegruppa		**Tiltak**	**Ansvar**	**Frist**	**Utført**
1	Rekruttering	Klubben ønsker å satse videre på rekrutering."Børste" litt liv i Breddekomiteen og arrangere tiltak som fremmer rekruttering. Kjøpe inn Klubbjakker til alle rytterne våre med inntekta frå FibGreen dugnaden haust 21. Vurdere Norwegian Horsefestival ol. Få til arrangering av Grønt kort kurs (som er veien inn i Ryttersporten). Arrangere "rideskole-stevne" for ryttere uten lisens.	SRG	31.12.	
2	Rekruttering	Kjøpe inn Klubbjakker til alle rytterne våre med inntekta frå FibGreen dugnaden haust 21.	SRG	1.5.	
3	Rekruttering	Få til arrangering av Grønt kort kurs (som er veien inn i Ryttersporten). Arrangere "rideskole-stevne" for ryttere uten lisens.	SRG	1.7.	
4	Egne stevner	Arrangere Vårstevne 29-1.mai med Dressur på laurdag og Sprang på somdag. Begge dager Utvida klubbstevne. På Hausten vil Ridegruppa arrangere D-stevne sprang med innlagt Klubbmesterklasser. Dersom Vår-stevne i Dressur vert vellykka vil vi arrangere eitt nytt. Forslag datoer 24-25.september	SRG	1.5 og 25.9	
5	Andre stevner	Disse stevnene blir prioritert i 2022 med stevnehjelp inkludert i medlemskapet: 1.Norgesserien, 2.Kretsmesterskap, 3.Norgesmesterskap, 4.Vintercup, 5.Sommercup, 6.Utvalgte distriktsstevne	SRG	13.7.	
6	Klubbsatsings-program	Vurdere Klubbsatsingsprogramma til Rytterforbundet	SRG	1.4.	
7	Satsande rytterar	Fokusere på satsande rytterar. Jobbe målretta mot utøverane sine eigne mål. Vere med og legge til rette for deira satsing.	SRG	31.12.	

Friidrettsgruppa		Tiltak	Ansvar	Frist	Utført
1	Rekruttering	Skape interesse for friidrett mot potensielt nye utøverar og deira foreldre	HIH		
2	Samarbeid andre klubbar	Opprettholde deltakelsen i friidrettsmiljøet i Telemark	HIH		
3	Stevne Eventyrøy	Avholde 2-3 stevenet på Eventyrøy i løpet av sesongen.	HIH		
4	Økonomi	Skaffe sponsorar til friidrett	HIH		
5	Nye foreldretrenerar	Friidrett for born. Nye foreldretrenerar. Dele erfaringar for friidrett for ungdom.	HIH		
6	Utvikling	Delta på kurs og seminar.	HIH		
Allidrett		**Tiltak**	**Ansvar**	**Frist**	**Utført**
1	Rekruttering	Bygge opp born- og ungdomsgruppa (50+20 stk.)			
2	Organisering	Omorganisere styre			
3	Trenerar internt	Skaffe trenerar frå eigene rekker (10 kl. + vgs mm)			
4	Trenerar eksternt	Leige inn eksterne trenerar til spes. aktivitetar (dans++)			
5	Økonomi	Søke midlar frå NIF og andre			
6	Utstyr	Investere i utstyr. Bordtennis, klatreutstyr, hoppematter etc.			
7	Utvikling	Delta på kurs og seminar.			
8	Allidrett i SIL	Lage Allidrett til ein grunnstein for alle særidrettsr i SIL.			

Årshjul 2022 - Seljord IL

Nr.	Aktivitet	Ansvarleg	Tidsfrist	Utført
1	Sende ut treningsgebyr handballgruppa	Kasserar	05.jan	
2	Sende ut treningsgebyr skigruppa	Kasserar	05.jan	
3	Forslag til budsjett frå undergruppene	Undergr.	15.jan	
4	Hovudstyremøte SIL	Leiar	31.jan	
5	Brev til valnemnda om kven som er på val	Leiar	01.feb	
6	Styremøte SIL	Leiar	07.feb	
7	Møte i Dyrskugruppa	Leiar	14.feb	
8	Forslag til valliste klar	Valnemnd	14.feb	
9	Kontroll av politiattest til leiarar og trenarar i SIL	Kasserar	15.feb	
10	Årsmøte SIL	Leiar	28.feb	
11	Sende ut deltakaravgift skikarusellen-allidrett	Kasserar	01.mar	
12	Melde ut medlemar som ikkje har betalt på to år	Kasserar	01.mar	
13	Utsending av medlemskontingent SIL	Kasserar	01.mar	
14	Søknad Gjensidigestiftelsen	Leiar	01.mar	
15	Styremøte SIL	Leiar	07.mar	
16	Søknadsfrist for utstyr kjøpt i 2021	Undergr.	10.mar	
17	Sjekke om heimesider er oppdatert	Undergr.	15.mar	
18	Søke om tilskot lag og org. Seljord kommune	Leiar	15.mar	
19	Årsmøte Seljord Idrettsråd	Leiar	21.mar	
20	Søknad Sparebankstiftelsen DNB	Leiar	01.apr	
21	Søknad Sparebankstiftinga Seljord	Leiar	01.apr	

22	Styremøte SIL	Leiar	04.apr	
23	Årsmøte Raudkleiv Veglag	Leiar	25.apr	
24	Samordna rapportering	Undergr.	30.apr	
25	Søknad Sparebankstiftelsen DNB	Leiar	01.mai	
26	Styremøte SIL	Leiar	03.mai	
27	Møte i Dyrskugruppa	Leiar	09.mai	
28	Representere Seljord IL under 17.mai	Nestleiar	17.mai	
29	Sende ut treningsgebyr fotballgruppa	Kasserar	01.jun	
30	Sende ut deltakeravgift ridegruppa	Kasserar	01.jun	
31	Sende ut treningsgebyr friidrettsgruppa	Kasserar	01.jun	
32	Sende ut deltakeravgift allidrett	Kasserar	01.jun	
33	Styremøte SIL	Leiar	13.jun	
34	Ringerundar mannskapslistene Dyrskun 14.-16.6	Alle	14.jun	
35	Styremøte SIL	Leiar	08.aug	
36	Ringerundar mannskapslistene Dyrskun 9.-11.8	Alle	09.aug	
37	Kontroll av politiattest til leiarar og trenarar i SIL	Kasserar	15.aug	
38	Møte i Dyrskugruppa	Leiar	15.aug	
39	Vare- og tjenestemomskompensasjon	Leiar	15.aug	
40	Rigging Dyrskun lørdag kl. 09-14	Leiar	27.aug	
41	Rigging Dyrskun måndag kl. 17-22	Leiar	29.aug	
42	Søknad om momskomp. på varer og tenester	Leiar	01.sep	
43	Infomøte Dyrskun torsdag kl 18:00	Leiar	01.sep	
44	Sende ut ny faktura alle kontingenntar og gebyr	Kasserar	01.sep	
45	Søknad Sparebankstiftelsen DNB	Leiar	01.sep	
46	Rigging Dyrskun lørdag kl. 09-14	Leiar	03.sep	
47	Infomøte Dyrskun måndag kl 18:00	Leiar	05.sep	
48	Rigging Dyrskun tysdag kl. 17-22	Leiar	06.sep	
49	Rigging Dyrskun torsdag kl. 17-22	Leiar	08.sep	
50	Dyrsku 09-11. september	Alle	09.sep	
51	Søknad Gjensidigestiftelsen	Leiar	15.sep	
52	Ettervask Dyrskun kl. 09-15	Leiar	17.sep	
53	Evaluering Dyrskun fredag kl. 18-22	Leiar	23.sep	
54	Årsfest Eventyrøy kl 13-16	Nestleiar	24.sep	
55	Søknad sponsormidlar Sparebanken DIN	Leiar	30.sep	
56	Sende ut purring på alt ustestående	Kasserar	01.okt	
57	Søknad Seljord kommune allidrett	Leiar	01.okt	
58	Styremøte SIL	Leiar	03.okt	
59	TV-innsamling	Skrivar	20.okt	
60	Søknadsfrist deltakartilskot	Undergr.	01.nov	
61	Styremøte SIL	Leiar	07.nov	
62	Siste purring per post, medlemskont. treningsgebyr	Kasserar	15.nov	
63	Søknad mva-kompensasjon anlegg	Leiar	01.des	
64	Søknad Sparebankstiftelsen DNB	Leiar	01.des	
65	Hovudstyremøte SIL	Leiar	05.des	
66	Treningstider Granvin frå jan 2023	Nestleiar	12.des	
67	Handlingsplan neste år frå undergruppene	Undergr.	12.des	
68	Styremøe Seljord IL - Avslutning i gamlesalen	Leiar	12.des	
69	Årsmelding frå undergruppene	Undergr.	20.des	
70	Søknad om spillemidler til anlegg	Leiar	20.des	

Årsmøtet

- ✓ Årsmøtet er lagets høgaste myndigheit.
- ✓ Årsmøtet blir halde ei gong i året innan utgangen av februar.
- ✓ Innkalling til årsmøtet skal skje 1 månad før årsmøtet vert halde.
- ✓ Innkalling annonserast på heimesida og i lokalavisa og sendast ut til alle i styret og til undergruppene.
- ✓ Innkomne forslag skal vere styret i hende 2 veker før årsmøtet og sakspapira skal sendast ut 1 veke før.
- ✓ Årsmøtet er for medlemmar i klubben, det vil sei dei som har betalt medlemskontingenten. Foreldre/føresette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmar under 15 år.
- ✓ Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid og alle som ønskjer å bli med å bestemme korleis klubben skal drivast bør stille på årsmøtet.
- ✓ Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsett i lovnorm for Seljord Idrettslag
- ✓ Protokollen frå årsmøtet sendast til idrettsrådet i kommunen og leggast ut på idrettslagets heimeside.

Styrets funksjon og samansetning

Styret skal:

- Planlegge og ivareta lagets totale drift, som omfattar mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap samt oppgåver som står i §1 i NIFs lover, lovnorm for idrettslag. Stryet har ansvar for at det finnes retningsliner for aktiviteten i klubben.
- Sette i verk avgjerd og vedtak fatta av årsmøtet eller andre overordna idrettsmyndigheiter.
- Stå for dagleg leiing av laget og representere laget utetter.
- Disponere lagets inntekter (tilskot, kontingent o.a.) og fordele desse etter plan og godkjent budsjett.
- Oppnemne komitear og utval etter behov, og utarbeide instruks for desse.
- Kome med framlegg til årsmøtet til 3 medlemar inkl. leiar og varamedlem til valnemnda.

Det er viktig at alle tillitsvalde har klart definerte oppgåver og ansvarsområder. Det anbefalast at styret, undergrupper og utval diskuterer arbeidsfordeling, og at spesiell kompetanse og/eller interesser vert ivaretatt.

Leiar

- er klubbens ansikt utetter, og klubbens representant i møte og forhandlingar
- står for klubbens daglege leiing, koordinerer styrets og klubbens totale aktivitet
- innkalle til styremøte, førebu saker og leie møta
- tilvise utbetalingar saman med kasserar
- ansvar for sponsoravtalar
- skal sjå til at val, adresseforandringar, oppgåver over medlemmar o.a. som har interesse for/skal sendast inn til krets- og forbund, meldast til overordna instansar innan gjevne fristar

Nestleiar

- fungere som leiar under leiars fråvær
- hjelpe leiar og danne eit leiarteam med denne
- har elles definerte oppgåver, på same måte som eit ordinært styremedlem

Kasserar

- disponerer lagets midlar og har fullmakt til klubbens bankkonti
- har kjennskap til kontoplan og fører rekneskap i høve til denne
- tilvise utbetalingar saman med leiar
- utfakturere gebyr, avgifter og sponsoravtalar mm.
- har til ein kvar tid oversikt over lagets økonomiske situasjon og følgjer opp denne
- idrettsregistrere medlemar i NIF
- sette opp resultatrekneskap ved sesongslutt og ser til at dette blir revidert til årsmøtet

Skrivar

- føre referat over alle styremøte og medlemsmøte
- lage møteplan i samsvar med heile styret, distribuere denne til alle styremedlemmar
- Førebu årsmøtet med å hente inn årsmeldingar frå undergruppene og annonsering
- Distribuere årsmelding og årsmøtereferat til styremedlemar og undergrupper

Generelt

- Det er viktig med ein rett arbeidsfordeling som skal ivareta drift og utvikling. Tenk også heile tida på om organisering av klubben er maksimal operativ. Spesielt er det viktig at styrets arbeid og prioriteringar i samband med utvikling er forankra og at det er kontaktpunkt frå styret og ned til dei operative trenarar. Alt må baserast på at medlemane blir ivaretatt.
- Valnemnda har ein viktig rolle for å sikre drift av klubben gjennom å finne personar med riktig kompetanse til styret. Ikkje minst motivere til å ta ansvar.

Registrert revisor

- Alle idrettslag som har årlig omsetning som overstiger 5 millioner kroner, anses som store. Store organisasjonsledd skal, i tillegg til NIFs lov og egen lov, følge regnskapsloven og bokføringsloven, engasjere statsautorisert eller registrert revisor og følge revisorloven, samt velge en kontrollkomite.

Kontrollkomite

Oppgåver som kontrollkomiteen skal sjå til er følgande:

- idrettslagets midlar er anvendt i høve til lovar og avgjerd
- idrettslagets midlar går til dei aktivitetane som årsmøtet har fatta vedtak om
- idrettslagets økonomiske disposisjonar er i samsvar med idrettslagets eigen lov
- idrettslaget har økonomisk kontroll internt
- årsrekneskapen og delårsrapportar gjev eit rettvisande bilde av idrettslagets drift

Valnemnd

- ❖ Valnemnd har ein av klubbens viktigaste oppgåver. Den har ansvaret for personalmessig og funksjonell utvikling av klubben ved å rekruttere nye styremedlemar/-medarbeidarar etter nøye vurderingar av medlemsmassa.

Valnemnda skal til årsmøtet kome med følgjande framlegg:

a. Leiar, nestleiar kasserar, skrivar og eit varamedlem til hovudstyret i Seljord IL
b. Leiar og to medlemar til styret i Idrettsskulen
c. Representant og vararepresentant til styret i Granvin Kulturhus AS
d. 2 representantar + vararepresentant til Seljord Idrettsråd
e. 1 representant + vararepresentant til styret i veglaget til Raudkleiv
f. Engasjert revisor
g. 2 medlemar + varamedlem til kontrollkomite
h. Valkomité med leiar, 2 medlemer og varamedlem

Valnemndas pliktar:

- å vurdere styrets og komiteanes verksemd,
- sjå til at medlemanes syn på styrets arbeid blir tatt opp til behandling,
- å diskutere med styret om eventuelle endringar i styrets samansetning,
- å halde seg informert om, og diskutere med, medlemane om ulike kandidatar for styreoppdrag, og gjennom det få greie på om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget,
- å gjennomgå for styret og medlemane kva for forandringar / nomineringar som kjem til å bli foreslått,
- før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, kome med skriftleg forslag på nominering som skal føreleggas medlemane på årsmøtet,
- under årsmøtet å presentere valnemndas forslag, samt etter årsmøtet å analysere eige nominasjonsarbeid.

Undergruppene

Seljord IL er eit fleiridrettslag med per i dag 5 undergrupper:

- Fotballgruppa
- Handballgruppa
- Ski- og skiskytargruppa
- Ridegruppa
- Friidrettsgruppa

Alle undergruppene ved leiar er medlem av styret i Idrettslaget.

Kvar undergruppe skal ha eit styre på minimum 4 medlemer som minimum skal bestå av leiar, nestleiar, skrivar og økonomiansvarleg. Undergruppa kan fritt velje fleire i styret med eigne ansvarsområde. Undergruppene har eigne årsmøte etter avslutta sesong. Dei har også eigen valnemnd bestående av minimum 2 medlemar.

Hovudstyret i Seljord IL har i tillegg vald å organisere matsalet under Dyrskun i eiga

- Dyrskugruppa

Dyrskugruppa består av inntil 12 medlemar og rekrutterar sjølv leiar og medlemar til gruppa.

- Allidrett vert organisert i eige styre med leiar og to medlemar

Aktive unge frå 13 til 16 år har organisert seg i eige ungdomsråd med 2 representantar frå kvar aldersgruppe med leiar, nestleiar, skrivar og styremedlemmar.

- Ungdomsråd

Ansvaret for anlegg på Eventyrøy og Raudkleiv er organisert i eigne grupper etter behov

- Prosjektgrupper

Medlemar

Medlemskap i Seljord IL er først gyldig og reknast frå den dag kontingenten er betalt.
For å ha stemmerett og kunne veljast til tillitsverv, må eit medlem ha vore tilslutta idrettslaget i minst 1 månad og ha betalt kontingent.

Medlemskap i Seljord IL kan opphøyre ved utmelding, stryking eller eksklusjon.
Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er mottatt.

Ein tilsett kan vere medlem i klubben, men har ikkje stemmerett på årsmøtet og den tilsette kan ikkje veljast til verv i klubben eller overordna organisasjonsledd.

Stryking kan finne stad av medlem som skylder kontingent for meir enn eit år. Medlem som strykast kan ikkje takast opp igjen før skyldig kontingent er betalt. Dersom eit medlem skylder kontingent etter forfalt to års kontingent, skal medlemsskapet bringes til opphøyr ved stryking frå idrettslagets side.

Ved innmelding bør nye medlemar bruke Min Idrett og fylle ut namn, fødselsdato, adresse, e-post, mobilnr. og namn på føresette. Undergruppene registrerer sjølve nye medlemar i KlubbAdmin samstundes som ein registrer medlemar inn på aktivitet i undergruppa. Dette for å få eit bra og oversikteleg medlemskartotek.

Undergruppene skal levere medlemslister innan gjevne fristar til hovudstyret.

Medlemskontingent og treningsavgift blir sendt ut frå klubbens hovudstyre via KlubbAdmin. Ingen undergrupper sender ut eigne rekningar.

Forsikring

Idrettsforsikring for barn

Alle barn som er medlem av lag tilslutta Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) eller som deltar i organisert aktivitet i klubbens/lagets regi er forsikra.

Klubbforsikring

Saman med If har NIF utvikla ein egen klubbforsikring som er tilpassa klubbanes forsikringsbehov.

Anlegg

Seljord IL er eigar og drivar av idrettsanlegget på Eventyrøy og skianlegget i Raudkleiv, samt deleigar av Granvin Kulturhus AS med idrettshall.

Dyrsku-dugnaden

Seljord IL har ein langsiktig avtale med Dyrskun Arrangement om matsal under Dyrskun. Totalt treng ein rundt 900 vakter desse 3 dagane + 100 vakter i til rigging og ettervask. Per i dag vert om lag 60% av desse vaktene utført av medlemene i Seljord IL. Resten vert leigd inn frå andre lag.

Følgjande instruks er utarbeidd for undergruppene i Seljord IL vedkomande Dyrskudugnaden:

1. Alle gruppeleiarar må informere sine utøvarar m/føresette om kva som blir forventa av dei som aktive medlemmer av Seljord IL.

2. Ved oppstart av ny sesong skal Informasjonsskrivet under gå ut til alle aktive medlemmer og vera lik for alle undergruppene. I utgangspunktet bør det forventast to vakter på Dyrsku'n av alle aktive medlemar frå 11 år og oppover.

3. For å få på plass mannskapslistene under Dyrskun stiller kvar undergruppe med mannskap i juni og august månad, som skal ringe rundt til sine medlemar. Kvar undergruppe får inntektsført timar for denne jobben.

4. Undergruppene får inntektsført for vakt nr. 2 av eigne aktive medlemar eller halvparten av ei ansvarsvakt på 12 timar.

Info som går ut til alle medlemar i Seljord IL:

Gjeld Dyrskudugnaden til Seljord IL

Hallo alle utøvarar med føresette og støttemedlemar i Seljord IL!

I løpet av juni månad vil du få ein telefon frå oss, der vi spør alle medlemar over 16 år, alle føresette og støttemedlemar om kva for vakter de vil kunne ta for Seljord IL under dei tre Dyrskudagane. Dersom du har andre oppgåver desse tre dagane, har vi også bruk for hjelp til rigging før Dyrskun, til nedvask etter Dyrskun eller ein annan dugnadsjobb for Seljord IL. Tek du som aktiv medlem/føresett to vakter på 5 til 7 timar eller ei ansvarsvakt på 12 timar ein dag, vil halvparten av timebetalinga gå til aktiviteten i undergruppa som du er medlem av.

Alle aktive SIL-medlemar mellom 11 og 16 år, vert sett opp på 2 vakter på 3 til 6 timar (lengda på vakta avheng kor gamal du er, dei minste får 3 til 4 timars vakt) og vil få eige brev om dette. Her vil også timebetalinga på den eine vakta gå til aktiviteten i undergruppa du er medlem av.

SIL har mange aktivitetar å by på ☺

*Av aktivitet vi har er: Barneidrett, styrke- og kondisjonstrening, vaksentrim, skitrening, fotballtrening, riding, sykkel, friidrett og handballtrening. (sjå heimesida vår: **seljordidrettslag.no**)*

Det kostar pengar å drive eit idrettslag, både til aktiviteten og anlegga.
Vi er i ein situasjon at Seljord IL må sjølv ta store delar av kostnadane til drift av anlegga og aktivitetane. Av anlegg kan ein nemne: Idrettshallen på Granvin, fotballanlegget på Eventyrøy og skianlegget i Raudkleiv.

I Seljord er vi så heldige å ha Dyrskudugnaden. Det er den som avgjer korleis idrettslaget kan drive.

Dyrskudugnaden er også med på å halde eit lågt nivå på medlemskontingenten der familiemedlemskap kostar kr 500, enkeltmedlem over 18 år kostar kr 300 og enkeltmedlem til og med 18 år kostar kr 200. Treningsavgifta i undergruppene er også på eit lågt nivå og er for aktive til og med 12 år på kr. 100 per år (kr.200 i fotballgruppa), aktive over 12 år er på kr. 400 per år og for A-laget i fotball er avgifta kr. 1200 per år.

Det er eit stort løft kvar sommar å få i hamn vaktlistene til denne dugnaden. Dei siste åra har vi måtte leigd inn nesten halvparten av dugnadshjelpa frå andre lag. SIL vil med dette brevet gå systematisk til verks for å få på plass fleire eigne medlemar.

Vi ber alle vaksne medlemar i Seljord IL og føresette
om å ta minst ei vakt i løpet av Dyrskuhelga!

HUGS: Det er Dyrskudugnaden som avgjer kva nivå vi kan drive på ☺!

Helsing
Styret i Seljord Idrettslag.

Informasjon

Idrettslaget informerer medlemane via nettsida som har adresse: *seljordidrettslag.no.*
Hovudstyret og kvar undergruppene har ansvar for at heimesida til ein kvar tid er ajour med rett kontaktinfo og aktivitetstilbod. I tillegg har hovudstyret og kvar undergruppe si Facebook side.

Økonomirutiner for Seljord IL

- ✓ Hovudstyret er juridisk ansvarleg for lagets økonomi
- ✓ Hovudstyret er ansvarleg for å sette opp budsjett før årsmøtet.
- ✓ Alle innkjøp skal godkjennast av styret.
- ✓ Alle betalte faktura skal attesterast av undergruppa som har bestilt vara og godkjennast av 2 personar i hovudstyret.
- ✓ Det skal teiknast underslagforsikring for dei som disponerer konti til Seljord IL.

Rekneskap

Klubben skal føre eit rekneskap der kvar gruppe er ei avdeling i rekneskapen, dette i høve til rekneskapslova. Alle inn og utbetalingar skal gå gjennom klubben sin konto, det er ikkje lov å sette pengar som høyrer til klubben sine medlemmar inn på personlege konti.

Alle eigenandeler og startavgifter skal innbetalast og utbetalst gjennom klubbens rekneskap. Når ein reiser med eit lag kan det betalast ut forskot til lagleiar. Vedkomande skal då levere inn reiseoppgjer og kvitteringar for brukte pengar. Ein skal levere fakturakopi/utleggskjema med kvitteringar for å få igjen det ein har lagt ut.

Medlemskontingent

Medlemskontingenten fastsettast på årsmøtet som eigen sak jf. idrettslagets lov §4.
Medlemskontingent skal betalast for kvart enkelt medlem, familiemedlemsskap reknast som ei rabattordning og ein må vidare registrere kvart enkelt medlem med namn og betalt beløp då revisor skal kontrollere medlemslister mot rekneskap.

Medlemskontingentane til Seljord IL:

Familiemedlemskap :	kr 500,-.
Enkeltmedlem over 18 år:	kr 300,-.
Enkeltmedlem til og med 18 år:	kr 200,-.

Innkrevjingsrutinar:
Faktura sendes ut innan utgangen av mars månad på mail frå KlubbAdmin.
Første purring er 30 dagar etter forfall. Ei siste purring blir sendt per post i november mnd.
Medlemar som ikkje har betalt kontingent dei 2 siste åra vert sletta 31.12.

Treningsavgift - deltakaravgift

Kvar undergruppe inklusiv idrettsskulen og vaksentrim har treningsavgift/deltakaravgift med følgjande satsar:

• Kr. 100 per år:	Allidrett
	Ridegruppa alle medlemar
• Kr. 200 per år:	Aktive til og med 12 år utanom fotball
• Kr. 250 per år	Barnelag til og med 12 år fotball
• Kr. 400 per år:	Aktive over 12 år utanom fotball
• Kr. 500 per år	Ungdomslag 13 til 17 år fotball
• Kr. 1300 per år:	Seniorlag damer og herre fotball

Treningsgebyr for Handballgruppa, Skigruppa, Ridegruppa, Idrettsskulen og Vaksentrimmen sendes ut i januar mnd. Treningsgebyr for Fotballgruppa og Friidrettsgruppa sendes ut i juni mnd.
Purring blir sendt ut 30 dagar etter forfall. Ei siste purring blir sendt per post i november mnd.

Alle undergrupper er ansvarleg for å registrere sine aktive medlemar i KlubbAdmin. De er viktig at medlemslistene vert ajourførte til ein kvar tid ved innmelding av nye medlemar og utmelding av medlemar som ikkje er aktive i gruppa lengre.
Nye medlemar registrerast direkte i KlubbAdmin med namn, fødselsdato, mobil, epost, postadresse og namn på føresette for medlemar under 18 år.

Startkontingent i individuell idrett og i lagidrett

Individuelle startkontingentar og påmeldingsavgift i lagidrettar dekkast av Seljord IL innanfor budsjettet til undergruppa.

Eigenandelar

Til idrettsarrangement, stemne, cupar mv. kan den einskilde gruppe sjølv bestemme innanfor budsjettet kva den einskilde deltakar skal betale i eigenandel.

Det er 2 alternativ innbetaling av eigenandelar:

1. Ved likt beløp til alle sendes mail til medlem@seljordidrettslag.no med namn og beløp til alle for utsending på Min Idrett i KlubbAdmin til dei som skal betale inn eigenandelar.
2. Alle som skal bruke VIPPs for Seljord IL må laste ned appen «VIPPS Bedrift» og logge seg på med brukar: post@seljordidrettslag.no og passord: Seljord1902 . Du har nå tilgang til VIPPS og har kontroll over innbetalingar i din undergruppe: Fotball 107198, Håndball 135648, Ski 107200, Riding 107201, Friidrett 107199 og Seljord IL 105639.

NB! Det er ikkje tillat å samle inn eigenandel i kontantar.

Kiosksal, lotteri, billettsal m.m.

Ansvarlege for kiosksal m.m. hentar og leverar kontantkasse og bankterminal hos økonomiansvarleg i undergruppa.
Før kasse og bankterminal leverast tilbake skal pengane teljast, og det skal takast eit «kasseoppgjer». Kasseoppgjersskjema fyllast ut med Undergruppe og arrangement, dato, type betaling: Vipps, bankterminal eller kontant, spesifikasjon av ulike typer sal som kiosk, billett, lotteri etc., eventuelle utlegg frå kassen (skal dokumenterast med kvittering) og Z-rapport frå bankterminal. Oppgjeret signerast av 2 ansvarlege personar. Viser til *«Instruks ved kiosksal, bilettsal, lotteri m.m. – Seljord IL»*

Ved tilbakelevering av kontantkasse og bankterminal tel kioskansvarleg og økonomiansvarleg opp pengane i fellesskap. Økonomiansvarleg set inn kontantar på bank-konto 2711.05.01272 til Seljord IL, tek bilde av kasseoppgjersskjema og Z-rapportar og sender det til faktura@seljordidrettslag.no seinast den 1. i påfølgande mnd. Prioriter bruk av bankterminal og Vipps for å minimere kontanthandtering.

Instruks ved kiosksal, bilettsal, lotteri m.m.

Bruk av bankterminal

1. Registrer beløp ved først å taste og deretter summen som skal betalast.
2. Kunden kan bruke bankkort med chips, magnetstripe eller kontaktlaus betaling utan pinkode for beløp under kr. 300,-.
3. Lever papirkvittering til kunden.
4. Ved avslutning av dagen skal du alltid kjøre ut Z-rapport for dagens salg ved å:
    a. Taste knappen øverst til venstre
    b. Tast deretter 3 Oppgjørsmeny og
    c. Tast deretter 4 Z-rapport og
    d. Summen på Z-rapporten føres på kasseoppgjerskjemaet og rapporten følger med oppgjeret.
5. Ved avslutning av dagen skal du deretter overføre dagens sal til bankkontoen vår:
    a. Taste knappen øverst til venstre
    b. Tast deretter 3 Oppgjørsmeny og
    c. Tast deretter 1 Avstemming og
    d. Avstemmingsrapporten følger med oppgjeret.
6. Ved annullereing eller feilslag tast



Bruk av VIPPS

Alle som skal bruke VIPPs for Seljord IL må laste ned appen «VIPPS Bedrift» og logge seg på med brukar: post@seljordidrettslag.no og passord: Seljord1902 . Du har nå tilgang til VIPPS og har kontroll over innbetalingar i din undergruppe: Fotball 107198, Handball 135648, Ski 107200, Riding 107201, Friidrett 107199 og Seljord IL 105639. Summen av dagens VIPPS sal føres på kasseoppgjerskjemaet.

Bruk av kontant innbetaling

Seljord IL har 2 kontantkasser med kr. 1000,- i veksel i kvar kasse, som lånast ut saman med bankterminal til undergruppene.
Etter endt kontantsal skal alltid 2 personar frå Seljord IL telje opp kontantbehaldninga og legge inn summen av dagens kontantsal på kasseoppgjerskjemaet, signere skjemaet og levere kontantkassa vidare til økonomiansvarleg i undergruppa.

Det er eit mål å minimere kontantsal til fordel for bankteminal og VIPPS.

Seljord IL har to økonomivesker som kvart består av: Ein bankterminal, eit låsbart skrin til kontantar med kr. 1000,- i veksel, Instruks ved kiosksal, bilettsal, lotteri m.m. og nye kasseoppgjersskjema.

Løn og honorar

All løn utbetalast etter skriftleg avtale mellom Seljord IL og den dette gjeld. Dersom ein får faktura frå privatpersonar skal ein alltid innrapportere dette som løn etter gjeldande rekneskapsreglar.

Køyreliste/reiserekning

Dei som har skriftleg avtale om dekking av køyreutgifter/delar av kjøreutgifter til trening, kamp eller andre arrangement, skal alltid nytte køyrelisteskjema til Seljord IL.

Krav til utfylling av køyrelisteskjema:

⇒ namn, adresse og bankkonto
⇒ til og frå og dato for kvar enkelt reise
⇒ formål med kvar enkelt reise

Dekking av utgifter til individuelle utøvarar

Individuelle utøvarar kan innan utgangen av oktober kvart år søke hovudlaget om støtte på opp til 50% av dokumenterte utgifter for reiser på stemne og konkurransar på høgare nivå som gjeld:

- Kilometergodtgjering for bruk av eigen bil
- Billett for reise med buss, tog, båt og fly
- Overnatting for utøvar
- Kurs- og teamavgift

Ein ser på dette som ein god måte å motivere til vidare aktivitet.

Klubbdrakter og profilering

Lagsdraktene til Seljord IL: Raud trøye og svart bukse

Alle medlemar får kjøpt treningsdressen til Seljord IL på Intersport Seljord ved å hente dressen sjølv og framvise medlemsskap i SIL til følgjande prisar:

Lagsdress:
Juniormodell kr. 400,-
Vaksenmodell kr. 600,-
(Seljord IL hovudlaget har då sponsa kr. 200,- per lagsdress).

Skidress:
Juniormodell kr 980,-
Vaksenmodell kr 1460,-
(Seljord IL hovudlaget har då sponsa kr. 600,- per skidress).
Kontakt skigruppa for bestilling av skidress.

Seljord IL har og ei rabattavtale med Intersport Seljord på 20% (utanom det som er på sal) på treningsutstyr til bruk i idretten til dei som har betalt treningsgebyr for i SIL.

Trenarar og lagleiarar/oppmenn i Seljord IL får lags-/skidressen vederlagsfritt frå hovudlaget og skal alltid nyttast når ein representerer Seljord IL på idrettsarrangement.

Individuelle konkurransedressar dekkast av medlem, men ein kan søkje hovudlaget om støtte dersom laget gjer eit felles innkjøp av dressar med lik profilering/sponsoravtale.

Reklame- og sponsoravtaler

Alle reklame- og sponsoravtalar skal godkjennast av hovudstyret. Ei undergruppe kan ikkje inngå eigne avtalar utan godkjenning frå hovudstyret.

Reglar for Seljord IL

Retningsliner for foreldre/føresette

- Respekter klubbens arbeid. Det er frivillig å vere medlem av Seljord IL, men er du med følgjer du våre reglar
- Engasjer deg, men hugs at det er barna som driv idrett – ikkje du
- Respekter trener sitt arbeid og anerkjenn han/henne overfor barna dine
- Lær barna folkeskikk. Gå føre som eit godt eksempel
- Lær barna å tåle både medgang og motgang
- Motiver barna til å vere positive på trening
- Vis god sportsånd og respekt for andre
- Ved usemje snakkar du med den det gjeld – ikkje om
- Hugs at det viktigaste av alt er at barna trivast og har det gøy!

Retningsliner for utøvarar

- Respektere kvarandre
- Ha gode haldningar
- Ver lojal mot klubb og trenere
- Hjelp kvarandre
- Følg klubbens reglar
- Still opp for kvarandre
- Ver ærleg overfor trenar og andre utøvarar
- Ha eit godt samhald
- Stå saman

- Stille på treningar og stemne ein har forplikta seg til
- Vis engasjement
- Ha gode arbeidshaldningar
- Ver stolt av eigen innsats
- Ha eit objektivt ansvar for miljø og trivsel
- MOBBING ER IKKJE AKSEPTERT

Retningsliner for trenerar

SOM TRENAR I SELJORD IL SKAL DU BIDRA TIL:

- Meistring, sjølvstendigheit og tilhøyring for utøvaren
- Positive erfaringar med trening og konkurranse
- Å fremme eit godt sosialt miljø, lagånd og vennskap
- At utøvarar skal kunne drive idrett i andre grupper
- Samarbeid og god kommunikasjon med andre trenarar, leierar og foreldre
- Ver eit godt forbilde
- Møt presis og godt forberedt til kvar trening
- Som trenar er du veiledar, inspirator og motivator
- Bry deg litt ekstra og involver deg i utøvarane dine
- Bli kjent med utøvaranes individuelle mål og oppleving av treninga
- Søk å utvikle sjølvstendig vurderingsevne hjå utøvaren
- Vis god sportsånd og respekt for andre
- Vær bevisst på at du gir alle utøvarane oppmerksamheit
- Ein kvar utøvar eller gruppe skal utfordrast til å utvikle sine ferdigheitar

INNHALDET I TRENINGA SKAL VERE PREGA AV:

- Ein målretta plan
- Progresjon i opplevingar og ferdigheitar
- Stadig nye utfordringar slik at utøvaren flytter grenser
- Effektiv organisering
- Sakleg og presis informasjon
- Kreative løysingar
- Fleksibilitet ved problemløysing

Som trener er du ansvarleg for god kommunikasjon

Mobbing

Mobbing har blitt eit problem i det norske samfunnet både på sms og mail. Dette er noko idretten ikkje aksepterer. Vi forpliktar oss alle til å:

- Skape et inkluderande miljø i Seljord IL
- Sjå det positive i andre
- Bruke kroppsspråket på en positiv måte
- Vise at vi er imot mobbing, med ord og handlingar
- Ikkje misbruk telefon eller internett for å plage andre
- Ikkje bruk andre for å hevde oss
- Ikkje frys ut, eller snu ryggen til andre
- Respekter at vi er forskjellige
- Ta ansvar og sei frå dersom vi ser at nokon blir plaga

Seksuell trakassering

Idretten tiltrekk seg dessverre personar som ikkje kjem til oss pga idretten vi utfører, men for å finne lette offer for sine eigne laster. Dersom nokon oppdagar seksuell trakassering, er du pliktig til å ta dette opp med leiinga i Seljord IL.

Alkohol

Her er idrettsforbundet sin haldning til alkohol som også gjeld for Seljord IL:

IDRETTENS HOLDNING TIL ALKOHOL
Vedtatt av Idrettsstyret 16. mars 2004, sak 54
1. Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité skal framstå som en organisasjon som arbeider mot bruk av alkohol i idrettsleg samanheng. (NIFs lov §11-2 g)

2. Barn og unge som deltar i aldersbestemte klasser (under 18 år) skal møte et trygt og alkoholfritt idrettsmiljø. Trener, leiar og utøvar skal fremstå som gode forbilder for barn og unge og ikke nyte alkohol i samvær med utøvere i denne alder.

3. Medlemmene i organisasjonen skal informerast om dei skadeverknader alkohol har på prestasjonsevnen, sikkerheit og det sosiale miljø.

4. Tribunekulturen skal være trygg, familievennleg og alkoholfri. På tribunene skal det derfor ikkje nytast alkohol i tilknytning til konkurranseaktivteter. I lokale tilknytt idrettsanlegg gjeld dei kommunale skjenkebestemmelser dersom lokalet leies ut til private. (NIFS lov §11-2 g)

Reglar for reiser

REISEINSTRUKS FOR SELJORD IL

1. Føremål

1.1 Å gjere reise og opphald ved kampar, turneringar og treningsleirar til ein trygg, god og minnerik oppleving for aktive og leiarar.
1.2 Skape tryggleik for føresette som overlet barn og unge i klubbens varetekt.
1.3 Gje tryggleik for våre leiarar om kva som forventast av dei.

2. Omfang og forutsetningar

2.1 Desse reglane gjeld for alle reiser i samband med kampar, turneringar og treningsleirar med overnatting der aktive under myndigheitsalder deltek.
2.2 Reiser som omfattast av desse reglar er å betrakte som alkoholfri sone for aktive og leiarar frå avreise til heimkomst.
2.3 På alle reiser i regi av Seljord IL, skal det utpeikast ein ansvarleg hovudleiar som har overordna myndigheit frå avreise til heimkomst.
2.4 Der kor fleire lag deltek skal kvart lag ha med seg min. 2 leiarar inkl. trenar/lagleiar. Min. 1 av leiarane skal vere av same kjønn som lagets deltakarar. Desse leiarane har ansvar for sitt lag eller gruppe.

3. Hovudleiar

3.1 Før avreise skal det avhaldas informasjonsmøte for deltakarane og deira føresette, eller på annan måte sørgje for at tilstrekkeleg informasjon blir gjeve.
3.2 Sørgje for at oppdatert deltakarliste med heime telefon nr. på alle deltakarane finnes ved avreise.
3.3 Sørgje for at det avhaldas orienteringsmøte for alle leiarane før og under opphaldet, og sørgje for at leiarane er kjent med denne instruks.
3.4 Har overordna ansvar for at reisa går føre seg etter dei retningsliner klubben har bestemt, og skal saman med dei øvrige leiarane bidra til trivsel for alle deltakarane.
3.5 Sørgje for at det etter reisa blir levert rekneskap med bilag for turen til gruppas kasserar. Dette skal vere signert av 2 personar.
3.6 Hovudleiar rapporterer til gruppeleiar, men i saker av følgjande karakter skal her som elles øyeblikkleg og direkte rapportere til leiar av hovudstyret.

- ✓ Overgrepssaker
- ✓ Ulykke med personskader
- ✓ Dødsfall blant klubbens medlemmar
- ✓ Økonomisk utruskap
- ✓ Klare brot på det klubben ønskjer å stå for
- ✓ Andre saker som kan medføre spesielle medieoppslag, eller merksemd frå det offentlege.

Politiattest

Politiattest skal krevjast av personar som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meiner ein barn og unge under 18 år. Personar under 18 år skal også krevjast politiattest. Den nedre grense er 15 år.

Kven skal vi ha attest frå?
Trenere, oppmenn, foreldre som er med på turneringar som leiarar. Dei som ofte køyrer andre sine barn. Det er betre å ha for mange attester enn ei for lite.

Kva skal idrettslaget gjere?

- Styret skal krevje politiattest av alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.
- Styret skal oppnemne ein person som er ansvarleg for å handtere ordninga med politiattest i idrettslaget. Det skal også oppnemnast ein vararepresentant.
- Styret må informere om ordninga på idrettslagets heimeside. Der skal også namn og kontaktinfo på personane som skal handtere ordninga i idrettslaget gå fram.
- Idrettslaget må fastsette kva for oppgåver og kva for personar som er omfatta av ordninga.
- Den styreoppnemnte skal informere den/dei aktuelle personane om at dei må ha politiattest.
- Alle som skal ha politiattest må framvise attesten for den styreoppnemnde.
- Den styreoppnemnde skal lagre opplysningar i KlubbAdmin om kva for personar som er kravd Politiattest frå, at attesten er framvist og dato for framvisinga. Sjølve attesten beheld søkaren. Attesten er gyldig i 3 år.
- Idrettslaget skal ikkje gje oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming til personar som ikkje framvisar politiattest eller som har merknad på attesten.
- Rutiner for elektronisk søknad av politiattest finn du under politiet på følgande link: https://www.politi.no/tjenester/politiattest/
- Idrettslaget kan når som helst kontakte NIF for råd og veiledning i desse sakene på telefon 800 30 630 eller på e-post til politiattest@idrettsforbundet.no.

Fair Play

Lagidrettane har Fair Play regler som skal følgjast.

For spelerane
Som spelar har du eit ansvar for at du oppfører deg i den rette Fair Play-ånd. Det er kanskje enkelt å sei, men kva betyr det?

Fair Play betyr at du som spelar må:

- Ta godt vare på dine medspelarar og inkludere nye lagkameratar
- Unngå stygt spel og filming
- Skape tryggleik og god lagånd på banen

Fair Play-ånden skal vakse fram ved:

- Å trene og spele kamper med godt humør
- Å behandle motstandarane med respekt
- Å hjelpe skada spelar uansett lag

- Å takke motstandaren etter kampen
- Å ikkje kjefte på andre spelarar eller dommaren

For trenerar og leierar
Som trenar og leiar har du ansvar for at spelet utøvast i den rette Fair Play-ånd. Du skal sørgje for at spelarane har god kjennskap til reglar og retningsliner, og at desse blir fylgt. Du kan invitere spelarar og dommarar til temamøte, der situasjonar vert tatt opp til vurdering og bevisstgjering.

Det er ditt ansvar som trenar eller leiar at spelarane forstår:
- Meininga av dommarens situasjon og funksjon
- At dommarane må ta hurtige val – og dermed umogleg kan vere feilfrie
- Meininga av å ikkje overreagere på dommaravgjersler
- At det er dommarens avgjersle som tel, og at det er bortkasta å pådra seg straff for kjeftbruk
- Meininga av å følgje regelverket - det tenar alle partar og dermed også spelet

For føresette og foreldre
Føresette, foreldre og besteforeldre er ein viktig ressurs for norsk handball og fotball. Det er fint om også dykk bidreg til trivsel og fair play i lagmiljøet!

Ta ansvaret og tenk over følgjande:
- Din interesse og oppfølging betyr mykje for barn og unge
- Likeverd, aksept og inkludering bør gjelde alle i handball- og fotballmiljøet
- Verdsett oppleving, god oppførsel og lagånd høgt
- Respekter trenarens bruk av spelarar – ikkje kritiser hans/hennar avgjersler
- Dommaren prøver også å gjere sitt beste – ikkje kritiser hans/hennar avgjersler
- Resultatet må ikkje bli for viktig - den enkelte spelars mestring har også stor betydning
- Gi oppmuntring til alle spelarane - ikkje bare dine kjente
- Stimuler til deltaking - utan nokon form for press
- Ta gjerne initiativ til å bidra på foreldremøte for å avklare haldningar og ambisjonar

For publikum og supporterar
Din interesse som publikummar og supporter er viktig for norsk handball og fotball, enten det gjeld kampar for barn, ungdom eller vaksen.
Har du tenkt over at du som publikummar er med på å bidra til kva for stemning og atmosfære kampen skal ha. Uansett om det gjeld kampar i topp eller bredde spelar publikum og supporterane ein viktig rolle i forhold til stemninga.

Tenk over følgjande:
- Verdsett opplevinga, god oppførsel og lagånd høgt
- Det viktigaste er tross alt å støtte laget ditt, uansett resultat
- Respekter trenarens bruk av spelarar – ikkje kritiser hans/hennar avgjersle
- Dommarane gjer sitt beste
- Dommarane må ta mange og hurtige val – og dommarane kan dermed umogleg vere feilfri
- Respekter dommaranes val - ikkje kritiser hans/hennar avgjersler
- Ikkje overreager på dommaravgjersler

Dugnad

Ein kan ikkje gje medlemane anledning til å kjøpe seg fri frå dugnad.
Det ein alternativt kan gjere er å ha ei høg medlemsavgift der ein kan få rabatt for utførte dugnadsjobbar. Ein kan også bruke dugnad til å gje medlemar anledning til å jobbe inn utgifter til treningsleirar, turneringar og andre reiser. Her kan ein også legge inn fordeling av dugnads inntekter i forhold til kva den einskilde har bidrege med i dugnadstimar.

Retningsliner for nettsider og sosiale mediar

Seljord idrettslag er opptatt av at kvar treningsgruppe/lag har «levande» nettsider som supplerast med små nyheiter, linkar til nyheiter på nettsidene og bilde på Seljord idrettslag offisielle Facebook side samt på Instagram via hashtag #seljord-il. Ved utstrakt bruk av nettsidene vil kommunikasjon og informasjon bli tilgjengeleg for flest mogleg, både utøvarar, føresette og andre interesserte.

Bruk av bilde
Bilde av identifiserbare personar skal ikkje publiserast utan aktivt samtykke frå dei involverte personane. Dette vil sei at kvar person som er avbilda må individuelt takke ja, enten munnleg eller skriftleg, til at eitt eller fleire bilde blir publisert på internett. For barn under 15 år skal også ein føresett gje samtykke.

Spesielt når ein brukar bilde av mindreårige er det viktig at ein vel bilde som framstillar barna på ein positiv måte. Vær forsiktig med bruk av bilde der barn har lite kler (f.eks. badekler), og publiser aldri bilde med høy oppløysning. Prøv å unngå bruk av nærbilde, ta heller bilde på avstand.

Situasjonsbilde eller oversiktsbilde, der aktiviteten heller enn personane er motivet og kor ingen av personane er identifiserbare, kan publiserast utan løyve frå personane på bildet.

Bilde som fell utanfor retningslinene
Dersom du oppdagar bilde som Seljord IL medlemmer har publisert og som fell utanfor retningslinene våre, oppfordrast du til snarast å melde dette til medlem@seljordidrettlag.no

Bruk av sosiale mediar
Seljord idrettslags bruk av sosiale mediar skal ikkje bidra til eit press for at barn og unge skal bli medlemmer av sosiale nettverk. Hugs at alle sosiale nettverk har ei aldersgrense som skal respekterast.
Utover Seljord idrettslags offisielle Facebook side er det opptil kvar treningsgruppe å opprette lukka grupper på Facebook. Dersom dette blir gjort, oppfordrar vi til at treningsgruppene brukar nettsida til treningsgruppa som hovudsystem samt at dette gjerast i samråd med leiing i særidrettsgruppa i Seljord idrettslag (for eks leiar for SIL Fotball). Ei eventuell Facebook gruppe skal supplere bruken av nettsida.

Nettvettreglar
1. Bilde og tekst skal ikkje innehalde element av ironi, mobbing, usaklege negative kommentarar.
2. Respekter alltid opphavsretten (ein kan ikkje fritt publisere bilde ein finn gjennom f.eks. Google søk)
3. Inaktive Facebook grupper skal leggast ned
4. Hugs å vere ein god ambassadør for Seljord IL på nett

Meir informasjon
Du finn meir om personvern hos Datatilsynet: Veiledning om lovverk og reglar for publisering og personvern på internett.

Skikk og bruk for e-post

Under er forslag til reglar ved utsending av e- post til medlemar og andre.

1. Vurder kven du set som hovudmottakar. Hovudmottakaren skal svare på innhaldet dersom det ikkje er rein informasjon. Medlemar plikter å ta imot informasjon på epost frå leiinga. Slik epost skal sendast ut med adressene i blindkopifeltet.

2. Vurder kven du informerer i ” KOPI ” - feltet. Styresaker skal bare til det styret som behandlar saka inntil avgjer er tatt eller til styreleiar gir beskjed til noko anna. Kopifeltet er ein muligheit til å informere mottakarar utan krav om aksjon. Ha respekt for andre si tid.

3. Vær kritisk ved bruk av e-post for sending av meldingar til mange. Ved massedistribusjon av informasjon bør link til heimesida brukas.

4. Bruk feltet ”emne/tittel” til å gi meldinga ein kort, men informativ overskrift. På denne måten kan mottakaren prioritere rett. Du bør ikkje blande fleire tema i same e-postmelding.

5. Presenter den viktigaste informasjonen først i e-postmeldinga. Ver kort og konsis. Førestill deg korleis mottakaren vil oppfatte innhaldet.

6. Tenk på korleis teksten i e-postmeldinga vil virke for mottakaren. Unngå unødig bruk av store bokstavar, utropsteiken og spørsmålsteikn. Dette kan oppfattast som SKRIKING. DIN HENSIKT med dette kan feiltolkast av lesaren!

7. Det er viktig at du bruker enkelt språk, korte avsnitt, og blanke liner mellom avsnitt (”enter/lineskift”). På denne måten blir din meining oversikteleg og lett å forstå for mottakaren.

8. Ver forsiktig med bruk av fargar og andre formateringar. Ved slike behov er vedlegg til e-post veleigna.

9. Ver spesielt varsam med å sende e-post dersom du er opprørt eller irritert. E-postmeldingar er ”evige” og bør tåle dagens lys uansett samanheng. Tenk deg om.

10. Gjer det til ein vane alltid å lese gjennom heile innhaldet. Sjekk spesielt adressatane, og at alle vedlegg som det refererast til, er med før du sender.

11. Svar på e-post så raskt du kan. Framfor alt – svar!

Trafikksikker klubb - Retningsliner for gjennomføring av transport

I Seljord IL vert spelarar/idrettsutøvarar stort sett transportert i privatbilar til kampar og idrettsarrangement, enten ved samkøyring, ved at føresette køyrer eigne barn eller ved at utøvaren køyrer eigen bil. Vi arbeir for auka fokus på trafikksikkerheit for klubbens medlemmar under transport til og frå kampar/idrettsaktivitetar, også på sykkel til heimekampar, trening eller oppmøtestad.

1. Ved alle reiser gjeld at …

- bilen skal være i forskriftsmessig og i forsvarlig stand.
- sjåføren skal være vaken og opplagt.
- trafikkreglane skal følgast.
- talet på passasjerar i bilen skal ikkje overskride bilens tillate tal.
- personen som sit i passasjersetet framme skal vere over 140 cm med mindre airbagen på passasjersetet deaktiverast.
- alle skal bruke bilbelte og barn under 135cm skal bruke godkjent sete/bilpute.
- nakkestøtter skal vere tilpassa passasjerens høgde.
- lause gjenstandar i bilen er farleg ved bråstopp, desse må difor sikrast før turen startar. Plasser bagasje slik at den ikkje dett ned, kastast framover under kraftig oppbremsing eller stenger midtgang og dører.
- sjåføren skal være ekstra merksam på sin åtferd i trafikken ved reiser der utøvaren er i alderen 15- 18 år. Sjåføren skal vere eit positivt eksempel for ungdomane.

2. Vi oppfordrar spelaren/idrettsutøvaren til å …

- bruke hjelm når ein syklar.
- avtale felles oppmøte før avreise.
- bruke samkøyring.
- rullere på sjåførane, for eksempel ved å lage køyrelister.
- berekne god tid. Ved lange reiser bør det leggas inn stopp. Vel stoppestad kor det er lov å parkere og kor utøvaren kan ferdast trygt på plassen.

3. Når lag/utøvarar transporterast med buss eller minibuss skal…

- leige av buss helst skje gjennom buss-selskap for å sikre god teknisk standard og erfaren sjåfør.
- vi være oppmerksam på at ved bruk av eigen, eldre buss er det store krav til vedlikehald og tilsyn. Ved bruk av eigen buss er kravet til erfarne og faste sjåførar ufråvikeleg.
- alle passasjerar skal ha sitteplass.
- bussens bilbelte skal nyttas.

4. Formidling

- Trafikksikker klubb skal takas opp som tema på styremøte i undergruppene kvert år, og på trenar-/lagleiarmøte.
- Trenar/lagleiar skal ta opp tema og minne om retningslinene på foreldremøte.
- Retningslinene skal følgje med køyrelister som vert sendt ut.
- Trafikksikker klubb synleggjerast på heimesida til Seljord IL.

Utmerking og æresmedlemskap

Årsmøtet vedtar reglar for utdeling av utmerking for sportslege og andre innsatsar.

Statuttar for tildeling av Seljord Idrettslag sitt krus:

1. Kruset kan delast ut til medlem eller annan person som har gjort ein stor innsats for laget.
2. Prisen skal henge høgt.
3. Det kan takast omsyn både til aktiv idrett og administrativt arbeid.
4. Innsatsen for laget bør ha strekt seg over tid (over 10 år).
5. Grunngjevinga for tildelinga skal skrivast i "Krusvinnarprotokollen" og leggast ut på lagets heimeside.
6. På kruset skal stå namnet til den det gjeld og årstal.
7. Alle medlemer i laget kan koma med forslag på krusvinnar til hovudstyret seinast 4 veker før årsmøtet.
8. Hovudstyret får fullmakt til å velje ut krusvinnar blant innkomne forslag eller frå eigne kandidatar.
9. Utdelinga skal normalt skje i samband med årsmøtet eller i eit støre arrangement.

Krusvinnarar i Seljord IL

1976 Astrid (Vesla) Flatland.
Aktiv handballspelar i meir enn 30 år. Ho har vore inspirator og hatt mange tillitsoppgåver i laget.

1977 Gunnar Sveinsson
Trufast støttespelar i SIL både som aktiv fotballspelar og som tillitsmann. Formann i laget i 1945 og 1951. Forfattar av Seljord Spel med tema frå idrettsmiljøet i laget. Skrive om fotballprofilar i bygda.

1977 Åsmund Skori
Han har vore aktiv i ski, hopp, friidrett, handball og fotball. Han har vore formann i laget i 1937-38,58-59,63 og 69. I lange periodar kasserar i laget.

1977 Gunleik Haugland
Eldskjel for breiddeidrett. Idrettsmerkegeneral. Har laget si største premiesamling etter a ha deltatt i alt av ski og fridrettskonkurransar i bygda og nabobygdene.

1978 Steinar Reiten
Støttespelar for SIL i ein 30 årsperiode. Ansvarleg for opprusting av den fyrste garderoben på idrettsplassen. Tidtakar, saftkokar m.m. Spesielt viktig i startfasen på Dyrskudugnaden. Formann i laget i 1965.

1982 Magne Eiesland
Aktiv i praktisk lagsarbeid. Primus motor i byggefasen av den nye lysløypa. Ansvarleg for merking og rydding av trimløypene til fjelltoppane i kommunen.

1982 Gunhild Årmodt
Sekretær og alltid ansvarleg for start og sluttlister i samband med ski og friidrettsarrangement i ei årrekkje.

1982 Andres Øverbø
Ivrig støttespelar i samband med skigruppa i mange år. Tok ansvar for service/vedlikehald av snøskuteren.

1992 Tor Reiten
Aktiv i fridrett med bl.a. 11 landskampar for Noreg. Trenar og oppmann for gutar og jenter i fotball. Initiativtakar for å få i hamn avtala om matsalet på Dyrskun. Formann i laget 76-77 og 97-98.

1993 Randi Nordskog
Sekretær i laget i mange år. Ansvarleg for mannskapslister til Dyrskudugnaden i ei årrekkje. Dagleg leiar for matsalet.

1994 Tone Reiten
Initiativtakar til barneidrettskulen og trimgruppa. Oppmann i friidrett og ski og lagleiar i jentefotballen. Leiar i laget 1985-86.

1998 Odd Tufte
Aktiv i fotball. Ansvarleg for tilrigging på Dyrskun i samband med matsalet 1977-1998.

1998 Gunnar Eilefstjønn
Aktiv støttespelar på mange plan. Innkjøpsskjef på Dyrskun frå 1977-98.
Formann i laget 1988-89.

1999 Dag Nordskog
Aktiv fotballspelar i ei lang årrekkje. Formann i fotballgruppa i mange år i 70-80 åra.
Vedlikehaldsmann på idrettsanlegget i fleire år.

2001 Inger Espeland
Langvarig innsats for å få dugnadsarbeidet i hamn på Dyrskun. Kasserar i mange år for matsalet.
Aktiv med i vervegruppa for Idrettshallen. Innsatsen har gått over mange år.

2001 Lars Bjådal
Han bar vore formann i laget i frå 1991-1994. Leiar av Dyrskugruppa 91-97. Viktig bidrag har vore å få aksept for momsfritak ved matsalet på Durskun saman med Gunnar Eilefstjønn i 1993.

2002 Svein Tveiten.
Han har vore aktiv fotballspelar i 70 åra. Han har hatt trenaransvar for fotballspelarar og også vore innom skitrening. Ivrig tilretteleggar for mange verksemder. Medlem av initiativgruppa for matsalet på Dyrskun. Byggeleiar for Idrettshallen og Kulturhusdelen 1990-95. Byggeleiar for Ridehallen.
Hans kandidatur er overmoge.

2011 Svanhild Verpe Moen
Ho har vore aktiv handballspelar i Seljord IL frå 1985 til 2000 og trena lag frå 1980 talet og fram til i dag. Instruktør på handballskular i Seljord. Har vore skrivar i hovudlaget, kasserar og ført rekneskap i 8 år og var leiar i 2001 til 2003. Leiar i barneidretten i 2 år. Har vore medlem i handballstyret og leiar i fleire periodar. Ansvar for mannskapslistene til SIL og servering i kafeteria under Dyrskun i fleire år.

2016 Jon Aarbakk
Han har vore med på Dyrskudugnad frå ca 1985 til i dag. Har hatt løypekjøring i den gamle lysløypa, i Kivledalen og nå i Raudkleiv frå ca 1988 til i dag i nesten 30 år. Har vore leiar i skigruppa i to periodar. Leiar i Seljord IL og Seljord Idrettsråd i to periodar. Er ildsjela til Raudkleiv som starta opp med forhandlingar med grunneigarane i 2000 og står i dag ferdig etter 15 års innsats.

2016 Tellef Solås
Han var styremedlem i skigruppa i 2 år frå 92-93 og leiar i skigruppa 94-95. Frå 1996 til 2004 var han leiar i fotballgruppa då A-laget i fotball spela seg opp i 3. divisjon og var der i 6 sesongar. Var lagleiar for juniorjentelaget til Seljord i 2005. Han har vore leiar i Dyrskugruppa frå 1999 til i dag og er leiar i Seljord Idrettsråd og Seljord idrettslag frå 2013 fram til i dag.

2017 Gunleik Kittelsaa
Har vore fast medlem i Dyrskugruppa i 30 år og vore aktiv på Dyrskudugnaden i 3 fulle dagar til ende i over 30 år. Han har også vore av dei mest aktive på rigging i forkant og nedrigg i etterkant i alle desse åra.

2018 Ole Tufte
Begynte som trenar for gutelaget i 1989/90 og var hjelpetrenar/oppmann for A-laget frå 1993 til 99. Han var sportsleg leiar i fotballgruppa då A-laget til Seljord IL hadde opprykk kvart år frå 6. divisjon i 1996 til 3. divisjon i 1999 og var i 3. divisjon i 6 sesongar.

Ole er og har vore fast medlem i Dyrskugruppa til Seljord IL i 21 år og hatt ansvar for alt av matbestillingar alle desse åra i tillegg til å ha jobba for SIL alle dagane under Dyrskun.
Dei seinare åra har han vore trenar for aldersbestemte lag i Seljord IL.

2019 Oddvar Kvålo
Starta opp sin dugnadskarriere under Dyrskun for 23 år sidan i 1995. Frå år 2001 har Oddvar vore med i Dyrskugruppa i Seljord IL med ansvar for alt som hadde med utstyr og rigging i buene og kioskane. Av anna arbeid for SIL kan nemnast: ansvar for flytting av Brakkerigg frå Husmorskulen og opp til Raukleiv med ferdigstilling, bygging av spikertårn på Eventyrøy, skaffa sponsa garasje frå Grimstad til lager for SIL på Dyrskuplassen og sto for grunnarbeid og oppfølging. Pluss mykje anna! Sumerar vi timane Oddvar har brukt frå 2001 og fram til i dag, vil dette utgjere om lag to årsverk i dugnad for Seljord IL.

Statuttar for æresmedlemskap i Seljord Idrettslag

1. Æresmedlemskap er lagets høgaste utmerking
2. Utmerkinga skal henge svært høgt, og kan bare tildelas personar som har vore aktive i Seljord IL gjennom mange år.
3. Æresmedlemskap tildelast personar som har
    a. utført usedvanleg fortenestefullt arbeid for laget gjennom mange år,
    b. har lagt ned ein spesielt stor administrativ innsats over lang tid
    c. eller i ei spesiell sak som har fått stor avgjerd for laget.
    eller
    d. Gjennom mange år, så vel sportsleg som administrativt, har betydd svært mykje for miljø, samhald og trivsel i Seljord IL.

4. Styret i Seljord IL skal til einkvar tid kunne vurdere kandidatar som skal utnemnast til æresmedlemer på bakgrunn av forslag fremma av medlemer i laget.
5. Det er eit samla styre som utnemner æresmedlemmer.
6. Markering av utnemninga bør skje på årsmøtet eller i eit støre arrangement.
7. Æresmedlemmer får et livslangt og gratis medlemskap i Seljord IL.
8. Den som utnemnast til æresmedlem skal motta eit synleg bevis på utnemninga i form av eit diplom.
9. Det skal opprettast eit arkiv over æresmedlemmene med grunngjeving for tildelinga. Oversikt skal finnas på lagets heimeside.
10. Æresmedlemmer skal inviterast til jubileum og andre store tilstelningar i lagets regi.

Æresmedlemar i Seljord IL

28,august 2016: Gunnar Eilefstjønn, Olav Kåsa, Alf Johansen og Vidar Tveiten

Det er fastsett opning av den nye kunstgras- og friidrettsbanen på Eventyrøy sundag 28. august i samband med Sparebanken Din Cup på Eventyrøy
Hovudstyret i Seljord Idrettslag er svært takksame og utruleg imponert over prosjektgruppas arbeid med det nye baneanlegget.

Gunnar Eilefstjønn vart spurt av hovudstyret om han kunne ta på seg å rekruttere medlemar til ei prosjektgruppe som hadde ansvar for oppbygging av det nye baneanlegget på Eventyrøy. Dette tok han på seg og hadde innan kort tid fått med seg Olav Kåsa, Alf Johansen, Vidar Tveiten i tillegg til seg sjølv i prosjektgruppa. Frå Idrettslaget var elles Inge Nilsen, Kai Slåkvik, Roar Johansen og Tellef Solås med i prosjektgruppa.

Gunnar, Olav, Alf og Vidar har saman hatt utruleg god styring og gjennomført prosjektet på ein svært tilfredsstillande måte. Her er det svært mange dugnadstimar som er lagt ned og i tillegg har Alf Joahnsen AS bidrege med ei gåve på maskinelt grunnarbeid til ein verdi av kr. 350.000.

Hovudstyret har i styremøte 20.juli vedteke at Seljord IL vil påskjønne denne innsatsen ved å utnemne:

- *Gunnar Eilefstjønn,*
- *Olav Kåsa,*
- *Alf Johansen*
- *Vidar Tveiten*

til æresmedlemar i Seljord IL.

Sjølve utnemninga vil skje i samband med opninga av anlegget 28. august.

Årsmøtet 26. februar 2018: Tor Reiten

Tor Reiten har gjort ein svært stor innsats for Seljord IL gjennom ein mannsalder. I tillegg har Tor hatt ei friidrettskarriere utan sidestykke som Seljording.
Han har fleire KM titlar på slutten av 50 talet og hadde svært gode tider på dei kortare løpsøvingane. Seinare vart han blant dei beste i landet på 400 meter hekk og representerte Norge på landslaget heile 11 gonger.

Etter å ha lagt piggskoa på hylla som toppidrettsmann har Tor Reiten spela ein svært sentral rolle i Seljord IL på mange område. Tor har vore trenar og oppmann for A-laget på 70 talet, trenar og oppmann for junior/damer, initiativtakar til å få i hamn avtala om matsal på Dyrskun i 1977 og leiar i Dyrskugruppa dei neste 5 åra og leiar i Seljord IL 1976-77 og 97-98.

Tor Reiten har vore heidra for sin innsats for Seljord IL og bygda fleire gonger ved å bli tildela Telemark Idrettskrets ærespris i 1959, fekk innsatskruset til Seljord IL i 1992, i 1993 fekk Tor Reiten kulturprisen til Seljord kommune for sin innsats for kultur og idrett i bygda. Tor vart saman med Svein Tveiten heidra for innsatsen for bygging av Granvin Kulturhus ved opninga i 1995.

Tor er svært aktiv den dag i dag og fekk saman med Tone Inkluderingsprisen i Seljord kommune i 2016 for gjennom fleire år å ha vist eit sterkt og godt engasjement i arbeidet med å inkludere og skape gode møtearenaer for nye innbyggjarar i kommunen og i Vest- Telemark. Tor Reiten vart tildelt æresmedlemskap i Seljord IL for sin store innsats for laget.

Dyrskun 13. september 2019: Audun Svartdal

I år har eit samla Styre i SIL utnemnt eit nytt medlem til denne æra. Me plagar å dele ut denne utmerkinga på årsmøte i februar. Men sidan det er mitt i sesongen for vedkomande så er anledninga flott til å gjere det på Dyrskun.

Denne personen har jobba med idrett på toppnivå i ti-tals år og har meir eller mindre dedikert sitt liv til idretten. Han har vore Landslagstrenar for kombinert (1986-1988) og han har tre periodar som landslagstrenar for skiskyttarane mellom 1991 og 2008. Dei siste 9 åra har han bidratt og hjelpt utallige utøvarar og idrettslag med teknikktrening i langrenn.

Hans kunnskap på dette feltet er ufatteleg stort og det har bidratt til ein mengde VM og OL gull. Det har hjelpt til olympiske stafett gull og til fleire fyrste plassar i «Tour de Skii» og verdenscupen samanlagt. Også ungdommen har lært mykje teknikk med sine 5 individuelle gull i junior NM i 2018.

Lista er lang og han ser ikkje ut til å være ferdig med sine bidrag heilt endå, til stor glede for mange unge håpefulle.

Om vintrane og hausten er han ikkje lett å få tak i. Heldigvis får me tak i han av og til i bilen heimatt frå teknikktrening på Beitostølen eller i grautgryta på Dyrskun.

Seljord idrettslag vil gjerne heidre denne personen, som alltid har vært trufast til både Seljord, idrettslaget og til grautgrytene. Derfor utnemnast Audun Svartdal til æresmedlem i Seljord IL for framifrå innsats for toppidretten i Norge.

Me gledar oss over den hjelpa du har gjeve utallige utøvarar opp igjennom åra her i idrettslaget.

Spillemiddelsøknad 2022 Seljord IL

Finansiering	Varmebu og heishus	HC-adgang Raudkleiv	Rulleskiarena +4 nye skiver	Rulleskiløype 410 meter	Sum søknad
Spillemidler	550 000	600 000	1 000 000	600 000	**2 750 000**
Anna finansiering	890 200	1 068 750	2 062 500	1 075 000	**5 096 450**
Dugnad	210 000	250 000	200 000	175 000	**835 000**
Sum finansiering	**1 650 200**	**1 918 750**	**3 262 500**	**1 850 000**	**8 681 450**
Prioritet	**1**	**2**	**3**	**4**	

Raudkleiv Skianlegg og friluftsområde




Forslag til varmestoge.
Randklev, Nov.-21 Kåre Solvd.


Heishus Randkleiv. (forslag)
Nov-21 Kåre Sollid.

Veglinje er lagt tilsvarende som daens trase,
men høydekurver blir utjevnet slik at makgs stigning ikke oversiger 11%.
Til sammenligning har eksisterende trase helning mellom 15-17% på det bratteste.
4 meter vegbredde.

Parkeringsplass legges på venstre side av veg.
Utgravingsmasser fra veglinja brukes til og fylle opp parkeringsplass, utslaking av grøfter/skrpninger og oppfylling til voll bak skyteskiver.

Tilrettelagt for at tråkkemaskin kan bruke
den ene siden av parkeringsplass som framkomst.

Parkeringsplass tilpasses eksisterende terreng og tilpasses slik at eksisterende hoppbakke bevares.

Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
EUREF89 - SONE 32 NN 2000 høyder			1:1000	
Adkomstveg og parkering			Erstatning for:	Erstattet av:
				001
Henvisning:		Beregning:		

Utvidet standplass til totalt 10 skyteplasser.

Overskuddsmasser brukes til og
bygge voll bak skyteskiver.

Lengde arena (blå linje): 250m

49.508

30.672

50.099

Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk
EUREF89 - SONE 32	NN 2000 høyder		1:500
Arena og utvidelse standplass			Erstatning for: / Erstattet av:
			001
Henvisning:	Beregning:		

Totallengde rulleskiløype (blå linje): 410m.

Bredde asfalt i rundløype 4 m.

P 10
P 20
P 30
P 40
P 50
P 60
P 70
P 80
P 90
P 100
P 110
P 120
P 130
P 140
P 150
P 160
P 170
P 180
P 190
P 200
P 210
P 220
P 230
P 240
P 250
P 260
P 270
P 280
P 290
P 300
P 310
P 320
P 330
P 340
P 350

Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
EUREF89 - SONE 32	NN 2000 høyder		1:500	
Rulleskiløype			Erstatning for:	Erstattet av:
			001	
Henvisning:	Beregning:			

Budsjett 2022 - Seljord IL

(i heile 1000 kr. - Skal vedtakast på årsmøtet 28. februar)

Inntekter	Regnskap 2020	Regnskap 2021	Budsjett 2022
Dyrskun	1 114	623	4 020
Annen dugnad	58	168	371
Medlemskont. - Treningsgebyr	121	188	213
Egenandeler	17	36	215
Sponsorer	325	370	600
Tilskudd NIF	648	386	370
Tilskudd kommunen	47	47	40
Andre tilskudd	92	479	207
Andre inntetker	64	74	65
Sum egne inntekter	2 484	2 373	6 101
Tilskudd kommunen anlegg	84	20	70
Sum inntekter	2 568	2 393	6 171

Kostnader		Regnskap 2020	Regnskap 2021	Budsjett 2022
Dyrskun		88	127	2 755
Drift av aktivitetene i Seljord IL		801	994	1 668
Drift av anlegg	Eventyrøy	405	189	516
	Raudkleiv	454	396	513
	Granvin	319	371	390
Avdrag lån	Eventyrøy	216	200	200
	Raudkleiv	79	79	80
Renter på lån		69	40	49
Sum kostnader anlegg		1 543	1 275	1 748
Sum kostnader		2 432	2 396	6 171
Resultat		136	-4	0
Avsett til investeringer		0	0	0

Budsjett 2022 - Seljord IL

Gruppe	Inntekter				Kostnader				Resultat							
	Regnskap 20	Regnskap 21	Budsjett 21	Budsjett 22	Regnskap 20	Regnskap 21	Budsjett 21	Budsjett 22	Regnskap 20		Regnskap 21		Budsjett 21		Budsjett 22	
Hovudstyret	944 990	1 023 008	741 000	967 000	- 531 114	- 574 733	- 614 000	- 652 000	413 876		448 275		127 000		315 000	
Eventyrøy	183 707	74 090	64 000	115 000	- 804 695	- 463 263	- 726 000	- 831 000	- 620 988		- 389 173		- 662 000		- 716 000	
Raudkleiv	-	20 000	20 000	20 000	- 533 465	- 495 515	- 423 000	- 613 000	- 533 465		- 475 515		- 403 000		- 593 000	
Dyrskugruppa	1 113 722	623 358	3 020 000	4 020 000	- 87 983	- 127 481	- 1 802 000	- 2 755 000	1 025 739		495 878		1 218 000		1 265 000	
Fotballgruppa	100 757	209 179	557 000	600 000	- 216 051	- 300 405	- 743 000	- 796 000	- 115 294	-53 %	- 91 226	-30 %	- 186 000	-25 %	- 196 000	-25 %
Håndballgruppa	65 780	76 365	126 000	120 000	- 82 801	- 97 348	- 168 000	- 133 000	- 17 021	-21 %	- 20 983	-22 %	- 42 000	-25 %	- 13 000	-10 %
Skigruppa	53 102	160 888	145 000	145 000	- 73 066	- 114 594	- 145 000	- 145 000	- 19 964	-27 %	46 294	40 %	-	0 %	-	0 %
Ridegruppa	58 854	98 895	98 000	98 000	- 66 477	- 102 785	- 131 000	- 131 000	- 7 623	-11 %	- 3 890	-4 %	- 33 000	-25 %	- 33 000	-25 %
Friidrettsgruppa	35 158	76 257	45 000	45 000	- 36 800	- 89 043	- 60 000	- 60 000	- 1 642	-4 %	- 12 786	-14 %	- 15 000	-25 %	- 15 000	-25 %
Allidrett	11 994	30 500	16 000	41 000	-	- 31 101	- 20 000	- 55 000	11 994		- 601	-2 %	- 4 000	-20 %	- 14 000	-25 %
Totalt	2 568 064	2 392 540	4 832 000	6 171 000	- 2 432 452	- 2 396 268	- 4 832 000	- 6 171 000	135 612		- 3 727		-		-	

Budsjett 2022 - Seljord IL Seljord Idrettslag	Regnskap 20	Regnskap 21	Budsjett 21	Budsjett 22
Driftsinntekter				
3020 Salgsinntekt tjenester, avg. pliktig,høy s	- 10 000	-	-	-
3023 Sponsorinntekt, avgiftspliktig	324 500	370 200	398 000	600 000
3250 Inntekter fra egne arrangementer	57 870	97 076	3 185 000	4 161 000
3400 Tilskudd idrettskrets	647 527	386 254	350 000	370 000
3440 Tilskudd kommunen	131 000	67 000	30 000	110 000
3450 Andre tilskudd	1 205 416	1 102 414	110 000	207 000
3610 Leieinntekt andre varige driftsmidler, av	73 707	74 090	64 000	65 000
3900 Andre driftsrelaterte inntekter	-	-	-	-
3910 Dugnadsinntekter	-	70 850	162 000	165 000
3920 Medlemskontingenter	72 168	107 157	75 000	100 000
3930 Treningsavgifter	49 016	81 300	113 000	113 000
3940 Egenandeler	16 860	36 199	285 000	215 000
3948 Lotterier etc.	-	-	60 000	65 000
	2 568 064	**2 392 540**	**4 832 000**	**6 171 000**
Driftskostnader				
4350 Kjøp av kioskvarer	62 851	- 22 526	- 989 000	- 1 476 000
4400 Nonfood, embalasje mm.	- 634	- 48 977	- 3 000	- 3 000
5000 Lønn til ansatte	- 92 155	-	- 23 000	- 16 000
5100 Lønn timeansatte	-	- 132 300	- 70 000	- 145 000
5560 Utstyrsgodtgjørelse dommere	- 540	- 1 107	-	-
5561 Dommerhonorar krets	- 17 695	- 16 675	- 47 000	- 74 000
5562 Dommerhonorar lokalt	- 4 000	- 11 650	- 9 000	- 12 000
6000 Avskrivninger anlegg	- 215 964	- 200 000	- 200 000	- 200 000
6010 Avskrivninger maskiner	- 79 275	- 79 275	- 80 000	- 80 000
6200 Strøm	- 92 268	- 129 902	- 100 000	- 144 000
6300 Leie lokaler og baner	- 328 363	- 373 906	- 350 000	- 390 000
6310 Drift av lokale	- 3 878	- 9 915	- 20 000	- 20 000
6320 Renovasjon, vann, avløp mv.	- 13 394	- 10 122	- 15 000	- 11 000
6400 Leie maskiner	-	-	-	- 100 000
6500 Prosjekt og materiell over drift	- 1	-	-	-
6550 Driftsmaterialer	- 59 073	- 40 145	- 142 000	- 147 000
6560 Rekvisita	- 7 120	- 5 320	- 16 000	- 17 000
6570 Drakter	- 26 229	- 38 444	- 28 000	- 33 000
6580 Idrettsutstyr	- 187 119	- 273 786	- 274 000	- 304 000
6600 Drift og vedlikehold bygninger	- 45 738	- 9 866	- 55 000	- 25 000
6610 Drift og vedlikehold anlegg	- 269 929	- 63 304	- 175 000	- 245 000
6620 Drift og vedlikehold vei	- 154 819	- 201 313	- 155 000	- 305 000
6630 Drift og vedlikehold maskiner og utstyr	- 377 094	- 208 864	- 235 000	- 270 000
6700 Revisjons og regnskap	- 15 504	- 37 151	- 30 000	- 40 000
6720 Andre fremmedytelser, dugnad	- 3 900	- 2 500	- 120 000	- 350 000
6800 Administrasjonsutgifter	- 15 828	- 16 924	- 15 500	- 15 500
6840 Medlemsblad	- 11 000	- 8 688	- 9 000	- 9 000
6860 Møteutgifter	- 710	-	- 6 000	- 6 000
6870 Kursutgifter	- 16 500	-	- 7 000	- 5 000
6940 Porto	- 2 136	- 2 340	- 3 000	- 3 000
6950 Egne stevner, arrangement	-	- 1 185	- 550 000	- 760 000

Budsjett 2022 - Seljord IL Seljord Idrettslag	Regnskap 20	Regnskap 21	Budsjett 21	Budsjett 22
6960 Tilstelninger, avslutninger mm	- 3 145	- 8 009	- 17 000	- 36 000
7100 Bilgodtgjørelse oppgavepl.	- 54 046	- 64 951	- 138 000	- 88 000
7130 Reisekostnader, oppgavepliktig	- 1 774	- 1 973	- 1 000	-
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	- 16 138	- 1 947	- 60 000	- 70 000
7150 Diettkostnader, oppgavepliktig	- 1 996	-	-	-
7170 Utgifter cup, stevner, treningsleir mm	- 5 497	- 16 405	- 385 000	- 308 000
7215 Sponsorkostnader	- 868	-	-	-
7320 Reklame og annonser	- 2 668	- 923	- 5 000	- 12 000
7395 Øreavrunding	- 1	-	-	-
7410 Kontigenter, påmeldinger mm	- 107 559	- 110 296	- 160 000	- 135 000
7420 Gaver og premier	- 2 927	- 9 528	- 26 000	- 26 000
7430 Overganger, bøter	-	- 14 700	- 10 000	- 15 000
7450 Tilskudd lag, utøvere	- 37 500	- 40 800	- 70 000	- 60 000
7500 Forsikringspremier	- 120 780	- 115 060	- 124 000	- 120 000
7770 Bank og kortgebyrer	- 1 837	- 3 954	- 5 000	- 5 000
7771 Transaksjonsavgift KlubbAdmin	- 18 282	- 5 862	- 5 000	- 10 000
7772 Transaksjonsavgift Vipps	- 601	- 3 248	- 1 000	- 2 000
7773 Transaksjonsavgift bankterminal	-	- 606	- 5 000	- 2 000
7790 Andre kostnader	- 9 734	- 11 873	- 30 500	- 27 500
	- 2 363 369	**- 2 356 318**	**- 4 769 000**	**- 6 122 000**
Driftsresultat	**204 695**	**36 222**	**63 000**	**49 000**
Finansielle poster				
8040 Renteinntekter	511	1 005	2 000	1 000
8140 Rentekostnader	- 69 594	- 40 954	- 65 000	- 50 000
	- 69 083	**- 39 949**	**- 63 000**	**- 49 000**
Ordinært resultat	**135 612**	**- 3 727**	**-**	**-**

Til årsmøte i Seljord IL 28. februar 2022
Innstilling til representantar for organisering av Seljord IL i 2022

Hovudstyret i Seljord IL

Leiar:	Tellef Solås	Eitt år igjen
Nestleiar:	Hans Inge Hagen	Attval for 2 år
Kasserar:	Johannes Rindal	Eitt år igjen
Skrivar:	Anne Slettemeås	Ny for 2 år
Varamedlem:	Kai Slåkvik	Attval for 2 år

Styret for allidrett

Leiar:	Hans Inge Hagen	Eitt år igjen
Medlem:	Terje Øverland	Attval for 2 år
Medlem:	Pia Groven-Robertsen	Ny for 2 år

Styret for Granvin Kulturhus AS

Representant:	Hans Inge Hagen	Attval for 2 år
Vararepresentant:	Tellef Solås	Ny for 2 år

Seljord Idrettsråd

Representant:	Tellef Solås	Eitt år igjen
Representant:	Johannes Rindal	Eitt år igjen
Vararepresentant:	Hans Inge Hagen	Attval for 2 år

Styret i veglaget til Raudkleiv:

Styrerepresentant	Tellef Solås	Attval for 2 år
Vararepresentant	Terje Øverland	Eitt år igjen

Kontrollkomite i Seljord IL

Medlem:	Olav Moen	Attval for 2 år
Medlem:	Lena Ellingsen	Attval for 1 år
Varamedlem:	Leif Sondre Romtveit	Attval for 2 år

Valnemnd

Leiar:	Ingvild Haugerud Øverland	Ny for 2 år
Medlem:	Oda Jonskås Bekkhus	Ny for 1 år
Medlem:	Bjørn Ulvestad Andersen	Eitt år igjen
Varamedlem:	Svein Moen	Attval for 2 år

Med helsing
Valnemnda i Seljord IL
Bjørn Ulvestad Andersen
Svein Moen